



LINDÅS KOMMUNE

# Arealdelen av kommuneplanen 2011–2023

## *Planskildring*

Vedteke av kommunestyret 22.9.2011 sak 100/11



DER DRØMMAR BLIR  
RØYNDOM



Planskildring

**Arealdelen av kommuneplanen 2011–2023**  
Lindås kommune

Utarbeidd av:  
Julie Daling og Vignleik Stusdal  
Lindås kommune, arealplan

Dato: 6.1.2011  
Revidert 1. gong: 8.9.2011  
Revidert 2. gong: 5.10.2011

## FØREORD

Ny arealdel av kommuneplanen for Lindås kommune, er eit resultat av faglege utgreiingar, innspel frå privatpersonar og politiske avvegingar. I denne planskildringa går det fram korleis kommunen har arbeidd fram dei juridisk bindande plandokumenta (plankart og føresegner). Ein finn òg informasjon om bakgrunnen for planarbeidet, planprosessen og utfordringar som har stått sentralt. Vidare er innspela, analysane og utgreiingane oppsummert.

Arbeidsmåla for planarbeidet og dei tilrådde endringane i arealbruk er omtalt i denne planskildringa. Måla for arbeidet med kommuneplanen har ein kome fram til gjennom ein prosess med utgangspunkt i planprogrammet, innspel, analysar og diskusjon i ei politisk styringsgruppe.

Det er sett følgjande hovudmål for arealdelen av kommuneplanen i planprogrammet:

- Komme fram til utbyggingsmønster
- Forvaltning av strandsona
- Godt verktøy for sakshandsaming (tydelege føresegner)

Arealdelen av kommuneplanen omfattar:

| PLANSKILDRING   | PLANKART  | FØRESEGNER   |
|---|---|--|
| Ei skildring av føremålet med planen, hovudinnhald og verknader samt tilhøvet til gjeldande rammer og retningslinjer. | Eit juridisk bindande kart som viser eksisterande og framtidig arealbruk samt eventuelle omsynssoner. Plankartet må lesast saman med føresegnene. | Juridisk bindande krav til arealbruk og planlegging, som utdjupar plankartet. Retningslinjer er tekne med som ein del av føresegndokumentet. |

I tillegg kjem følgjande dokument:

- Temakart for landskapstypar og naturmiljø i Lindås kommune
- Konsekvensutgreiingar og arealvurderingar
- Risiko- og sårbaranalyse
- Kartlegging av funksjonell strandsona og fastsetjing av byggjegranser mot sjø
- Vurderingar av innspel og merknader

Arbeidet med kommunedelplanen har vore leia av den politiske styringsgruppa samansett av: Øystein Moldeklev (Frp) leiar, Unni Andersen Sæbø (uavhengig, tidl. H) nestleiar, Linda Opdal (Frp), Kjetil Melvær (FrP), Berit Dale Øgaard (KrF), Ståle Juvik hauge (AP), Gunnar Reidar Stusdal (SP), Nina Bognøy (AP), Tore Svendsen (SV).

Fagområde arealplan i Lindås kommune har hatt ansvar for planarbeidet, og ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå andre fagområde har bidrege til fagleg kvalitetssikring. Ansvarleg for planprogram og oppstart av planarbeidet har vore Frøydis Ones (arealplan). Ansvarleg for gjennomføringa av planarbeidet har vore Vigleik Stusdal (arealplan). Kartet er framstilt av Terje Villanger (geodata).

Arealdelen av kommuneplanen, med plankart, temakart, føresegner, konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse, har lege til offentleg ettersyn i to omgangar. Første planforslag i perioden 7.1.2011–4.3.2011, og eit revidert forslag i perioden 8.6.2011–20.7.2011. Planen vart vedteken av kommunestyret i møte 22.9.2011, sak 100/11. Alle plandokument er oppdatert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak, og kunngjort 5.10.2011.

Knarvik, 5.10.2011

# Innholdsliste

|   |           |
|---|-----------|
| <b>FØREORD</b> .....  | <b>3</b>  |
| <b>1 INNLEIING</b> .....  | <b>6</b>  |
| 1.1 BAKGRUNN OG FØREMÅL.....  | 6         |
| 1.2 PLANAVGRENSING .....  | 6         |
| 1.3 TILHØVET TIL ANDRE PLANAR, RAMMER OG RETNINGSLINER.....                 | 7         |
| 1.3.1 Kommunale planar og rammer.....                                       | 7         |
| 1.3.2 Regionale planar og retningslinjer.....                               | 8         |
| 1.3.3 Statlege rammer og retningslinjer .....                               | 8         |
| <b>2 PLANPROSESS OG ARBEIDSMETODE</b> .....                                 | <b>9</b>  |
| 2.1 ORGANISERING.....   | 9         |
| 2.1.1 Styringsgruppe.....   | 9         |
| 2.1.2 Arbeidsgruppe.....  | 9         |
| 2.2 PROSESS OG FRAMDRIFT .....  | 9         |
| 2.3 MEDVERKNAD OG INNSPEL .....   | 10        |
| <b>3 UTFORDRINGAR OG PROBLEMSTILLINGAR</b> .....                            | <b>11</b> |
| 3.1 PLANKVALITET .....  | 11        |
| 3.1.1 Føresegner .....  | 11        |
| 3.1.2 Plankartet.....   | 11        |
| 3.2 VIKTIGE PROBLEMSTILLINGAR OG TEMA.....                                  | 12        |
| 3.2.1 Landbruks-, natur-, og friluftsområde (LNF) .....                     | 12        |
| 3.2.2 Forvaltning av strandsona, kartfesting av funksjonell strandsone..... | 12        |
| 3.2.3 Folketal .....  | 13        |
| 3.2.4 Busetnad og utbyggingsmønster.....                                    | 15        |
| 3.2.5 Bygdeutvikling.....   | 17        |
| 3.2.6 Næringsutvikling .....  | 18        |
| 3.2.7 Offentlege areal .....  | 18        |
| 3.2.8 Landskapsomsyn.....   | 18        |
| 3.2.9 Byggeskikk og estetikk.....   | 18        |
| 3.2.10 Klima.....   | 18        |
| 3.2.11 Støy .....   | 18        |
| 3.2.12 Barn og unge .....   | 19        |
| 3.2.13 Helse og universell utforming.....                                   | 19        |
| 3.2.14 Senterstruktur i kommunen .....                                      | 20        |
| 3.2.15 Kvalitet i reguleringsplanar.....                                    | 20        |
| <b>4 AREALVURDERINGAR</b> .....   | <b>21</b> |
| 4.1 ARBEIDSMÅL FOR AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN.....                         | 21        |
| 4.2 INNSPEL, SILING OG MERKNADSHANDSAMING.....                              | 22        |
| 4.3 KONSEKVENSENTGREIING .....  | 23        |
| 4.3.1 Metode.....   | 23        |
| 4.3.2 Samla konsekvensar av planen .....                                    | 25        |
| 4.4 OMRÅDE SOM ER TEKNE INN I PLANEN .....                                  | 30        |
| 4.5 RISIKO OG SÅRBARANALYSE .....   | 34        |
| 4.5.1 Sannsynsvurdering .....   | 34        |
| 4.5.2 Konsekvensvurdering.....  | 35        |
| 4.5.3 Vurdering av risiko .....   | 36        |
| 4.5.4 Fareidentifikasjon og sårbarvurdering .....                           | 36        |
| 4.5.5 Representative uønska hendingar.....                                  | 37        |
| 4.5.6 Risikovurdering av moglege ny arealbruk.....                          | 38        |

|                |   |           |
|----------------|---|-----------|
| <b>5</b>       | <b>PLANOMTALE</b>   | <b>44</b> |
| 5.1            | KONVERTERING AV AREALFØREMÅL ETTER NY PLAN- OG BYGNINGSLOV  | 44        |
| 5.2            | BYGNINGAR OG ANLEGG   | 44        |
| 5.2.1          | <i>Bustadområde</i>   | 44        |
| 5.2.2          | <i>Fritidsbusetnad</i>                                      | 45        |
| 5.2.3          | <i>Sentrumsføremål</i>                                      | 45        |
| 5.2.4          | <i>Offentleg og privat tenesteyting</i>                     | 45        |
| 5.2.5          | <i>Fritids- og turistføremål</i>                            | 45        |
| 5.2.6          | <i>Område for råstoffutvinning</i>                          | 46        |
| 5.2.7          | <i>Næringsverksemd</i>                                      | 46        |
| 5.2.8          | <i>Idrettsanlegg</i>  | 46        |
| 5.2.9          | <i>Kombinerte føremål</i>                                   | 46        |
| 5.2.10         | <i>Andre typar bygningar og anlegg</i>                      | 46        |
| 5.2.11         | <i>Grav- og urnelund</i>                                    | 47        |
| 5.3            | SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR                  | 47        |
| 5.4            | GRØNSTRUKTUR  | 48        |
| 5.5            | LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE                        | 48        |
| 5.5.1          | <i>Område for spreidd bygging (LNFb)</i>                    | 48        |
| 5.6            | BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE | 49        |
| 5.6.1          | <i>Småbåtanlegg</i>   | 49        |
| 5.6.2          | <i>Friluftsområde – badeområde</i>                          | 49        |
| 5.6.3          | <i>Akvakultur og fiske</i>                                  | 50        |
| 5.7            | OMSYNSSONER MED RETNINGSLINER                               | 51        |
| 5.7.1          | <i>Kjerneområde landbruk</i>                                | 51        |
| 5.7.2          | <i>Friluftsliv</i>  | 52        |
| 5.7.3          | <i>Naturmiljø</i>   | 53        |
| 5.7.4          | <i>Kulturminne</i>  | 56        |
| 5.7.5          | <i>Sikringssone nedslagsfelt drikkevatt</i>                 | 56        |
| 5.7.6          | <i>Faresone ras- og skredfare</i>                           | 57        |
| 5.7.7          | <i>Faresone høgspenningsanlegg</i>                          | 57        |
| 5.7.8          | <i>Faresone brann- og eksplosjonsfare</i>                   | 57        |
| 5.7.9          | <i>Støysoner</i>  | 58        |
| 5.7.10         | <i>Bandleggingssone naturvern</i>                           | 58        |
| 5.7.11         | <i>Bandleggingssone kulturminne</i>                         | 58        |
| 5.7.12         | <i>Bandleggingssone andre omsyn</i>                         | 59        |
| 5.7.13         | <i>Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan</i>   | 59        |
| 5.8            | SÆRSKILDE TEMA  | 61        |
| 5.8.1          | <i>Planbehov – områdeplan</i>                               | 61        |
| 5.8.2          | <i>Kartlegging av den funksjonelle strandsona</i>           | 61        |
| 5.8.3          | <i>Fastsetjing av byggjegranser mot sjø</i>                 | 62        |
| 5.8.4          | <i>Landskap</i>   | 64        |
| <b>VEDLEGG</b> |   | <b>65</b> |

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Arealdelen av kommuneplanen er den overordna planen for Lindås kommune som fastlegg arealbruken i planperioden. Planen var sist oppe til vurdering i 2002-2003, med vedtak i kommunestyret i mars 2003.

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte den 5. november 2008, sak 235/08, å starte arbeidet med å rullere arealdelen til kommuneplanen for Lindås. I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6, vart framlegg til planprogram for kommunedelplanen lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 15.11.2008 til 24.1.2009. Planprogrammet for arealdelen av kommuneplanen for Lindås kommune vart fastsett med vedtak i plan- og miljøutvalet 01.4.2009.

Planen er utarbeidd etter ny plan- og bygningslov som gjeld frå 1. juli 2009.

Arealdelen av kommuneplanen er samansett av ein kartdel, som viser planføremåla for kvar del av planområdet, og ein føresegnedel som fastlegg bruken av dei einskilde planføremåla.

Arealdelen av kommuneplanen får verknad for arealbruken på land og i sjø i dei delane av kommunen som ikkje er dekkja av vedtekne eller påbyrja kommunedelplanar, dvs. Knarvik–Alversund, Alverstraumen, Lindåsosane–Lygra–Lurefjorden og Lindåsneset med Mongstad.

Det er eit mål å få like føresegner for arealbruken i heile kommunen. Dei generelle føresegnene som vert utarbeidd gjennom rulleringa av arealdelen, vil på sikt verte gjort gjeldande for heile kommunen, ved at dei vil verte innarbeida i eldre kommunedelplanar ved revisjon av desse.

Plankartet er eit juridisk bindande dokument som skal fastsetje den framtidige arealbruken saman med føresegnene. Dette er den tredje arealplanen Lindås kommune har utarbeidd etter den nye plan- og bygningslova som kommune(del)plan. I den nye plan- og bygningslova er det mange endringar i høve tidlegare lov. Framtidig arealbruk er vist med sterkare farge enn eksisterande arealbruk (motsett frå tidlegare). Det er lagt på omsynssoner med skravur over område der særskilde omsyn må takast i samband med arealbruken. Det er særleg endringane om byggjegranser mot sjø, også i eksisterande byggjeområde, som har kravd mest tid å få på plass. Nye arealføremål har fått ein kode av ein bokstav og eit tal, som ein òg kan finna att i tabellen bak i konsekvensutgreiinga. Det er langt meir informasjon i plankartet no enn tidlegare, og kartet er difor vanskeleg å lese som utskrift i 1:50 000. Det vert difor tilrådd at pdf-dokumentet vert nytta.

Det er verdt å merke seg at etter den nye lova er føresegnene langt viktigare enn før, og det er nødvendig å lese føresegnene grundig for å forstå kartet i sin heilskap.


Etter lova skal kommunestyret gjera vedtak om ein planstrategi kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering. Arealdelen av kommuneplanen vil dermed verte rullert etter behov, i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande planstrategien.

## 1.2 Planavgrensing

Planavgrensinga følgjer kommunen si administrative grense. Lindås kommune har eit flateinnhald på 476,0 km<sup>2</sup> og eit innbyggartal på 14 286 personar per 1.1.2010.

Kring ein fjerdedel av arealet i kommunen er dekkja av kommuneplanar. Denne planen omfattar dei resterande tre fjerdedelar av arealet.





*Planavgrensinga. Felt som er skravert er omfatta av egne kommunedelplanar, og arealbruken i desse områda vert ikkje vurdert i denne planen.*

## 1.3 Tilhøvet til andre planar, rammer og retningslinjer

### 1.3.1 Kommunale planar og rammer

Ein del kommunale planar og verksemdar kan verka inn på arealdisponeringa i denne planen:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Landbruksplan for Lindås (2005-2008).
- Prosjektet den indre farleia, kjem inn i planområdet frå Kvamsholmen til Lurekalven.
- Kommunedelplan for trafikksikring 2001 -2004 (skal rullerast i 2010)
- Kommunedelplan for anlegg og område til idrett og fysisk aktivitet i Lindås kommune, 2007
- Vedtekne reguleringsplanar innanfor området
- Kommunedelplan for klima og energi 2010-2020.
- Kulturplan for Lindås (vedteken 2009).
- Hovudplan vatn (under arbeid).
- Hovudplan avlaup (under arbeid).
- Bustadbyggjeprogram
- Utbyggingsavtalar
- Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (under arbeid)
- Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad ( 2010-2022 ).
- Vassdragsplan for Eikangervassdraget
- Prosjektet estetikk i bygnings- og utemiljø (vert avslutta ved årsskiftet 08/09)

### **1.3.2 Regionale planar og retningslinjer**

- Fylkeskommunale planar kan verka inn på arealdisponeringa i Lindås, det gjeld m.a.:
- Fylkesplan for Hordaland (2005-2008).
- Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv.
- Fylkesdelplan kulturminne (199-2010).
- Fylkesdelplan, deltaking for alle - universell utforming 2006-2009.
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel 2002
- Strateginotat for reiselivsutvikling 2006-2008.
- Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland.
- Fylkeslandsbruksstyret, arealstrategi (revidert)
- Fylkeslandbruksstyret: Strategidokument: kampen om areala
- Fylkes ROS Hordaland 2009

### **1.3.3 Statlege rammer og retningslinjer**

- St.prp. nr 1 (2008 – 2009)
- St. meld. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. meld. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr 20 (2007 – 2008) om sosiale helseskilnader
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for kjøpesenter
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Nasjonal strategi for barn og unges miljø og helse (2007 – 2016)
- Rundskriv Q – 27/2006 B (barne- og likestillingsdepartementet)
- Rundskriv T- 2/08 om barn og planlegging
- Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage (IK-2619)
- Rapport: Skolens uteareal (Shdir.2003; IS – 1130)
- Retningslinjer for handsaming av støy (T-1442) og rettleiar (TA 2115/2005)
- Europarådet sin landskapskonvensjon (2004)



## 2 PLANPROSESS OG ARBEIDSMETODE

### 2.1 Organisering

#### 2.1.1 Styringsgruppe

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune har fungert som styringsgruppe. I tillegg til politiske vedtak for igangsetting og avklaring av planprosessen, har utvalet fått orientering i møte om framdrifta i arbeidet. Det har vore 7 møte i styringsgruppa i løpet av 2010, der det eine var ei todagarssamling. I desse møta har utforminga av planen vore drøfta tungt. Blant anna har ein drøfta strategiar og mål for planarbeidet, og alle innspel til planarbeidet har vorte gått gjennom. Administrasjonen har arbeida fram planen på bakgrunn av dei føringane som vart gjevne av styringsgruppa. Etter 1. gongs offentleg ettersyn, har i tillegg alle innkomne merknader vorte gått gjennom i styringsgruppa. Plan- og miljøutvalet har vore samansett av Frp og Krf med 4 representantar i posisjon, ein uavhengig representant (tidl. H) og Ap, Sv og Sp med 4 representantar i opposisjon.

#### 2.1.2 Arbeidsgruppe

Fagområde arealplan har hatt ansvaret for den praktiske gjennomføringa av planarbeidet, i tett samarbeid med andre fagområde i kommunen. Geodata har stått for kartframstillinga og har vore tett involvert i kartlegginga av funksjonell strandsone og fastsetjing av byggjegrønsar. Med utgangspunkt i data frå Fylkesmannen si landbruksavdeling, har fagområde landbruk i samarbeid med geodata stått for kartlegginga av kjerneområde landbruk. Teknisk drift, byggesak og landbruk har vore involvert i arbeidet med føresegnar. Det er i tillegg henta inn informasjon frå andre fagområde i kommunen ved utarbeiding av ROS-analyse, for å avklare behov for areal til offentlege føremål m.m. Barnerepresentanten har òg vore rådspurt.

### 2.2 Prosess og framdrift

| Fasar i planarbeidet                    | Medverknad                  | Politisk handsaming                      | Tid                   |
|---|-----------------------------|--|-----------------------|
| Utarbeiding av framlegg til planprogram | Administrativ arbeidsgruppe |  | Oktober 2008          |
| Framlegging i planforum                 | Administrasjonen            |  | 4. nov. 2008          |
| Oppstart og høyring av planprogram      |                             | Vedtak i plan- og miljøutvalet           | Nov. 2008             |
| Fastsetjing planprogram                 |                             | Plan- og miljøutvalet                    | 9. April 2009         |
| Arbeidsmøte (7 stk.) i styringsgruppa   | Administrasjonen            | Plan- og miljøutvalet som styringsgruppe | Jan. – nov. 2010      |
| Utarbeiding planframlegg                | Arbeidsgruppe               |  | Des. 2009 – nov. 2010 |
| Planforum                               | Administrasjonen            | Leiar i plan- og miljøutv.               | Sept. 2010            |
| 1. gongs off. ettersyn                  |                             | Vedtak plan- og miljøutv.                | Jan. – febr. 2011     |
| Opne møte                               | Administrasjonen            | Plan- og miljøutvalet som styringsgruppe | Jan. – febr. 2011     |
| Merknadshandsaming                      | Arbeidsgruppe               | Plan- og miljøutvalet som styringsgruppe | Mars – april 2011     |
| 2. gongs off. ettersyn                  |                             | Vedtak plan- og miljøutv.                | Juni – juli 2011      |
| Merknadshandsaming                      |                             | Plan- og miljøutvalet                    | August 2011           |
| Mekling                                 |                             |  | 7. sept. 2011         |
| <b>Eigengodkjenning</b>                 |                             | Vedtak i kommunestyret                   | Haut 2011             |

## 2.3 Medverknad og innspel

Plan- og bygningslova er i stor grad ei prosesslov, som skal sikre at planar er gjenstand for demokratisk medverknad, samstundes som det er lagt vekt på fagleg kvalitet og ivaretaking av viktige samfunnsinteresser. Det har difor vore lagt vekt på medverknad frå innbyggjarane tidleg i planprosessen, gjennom møteverksemd og undersøkingar. Det har då òg kome ei lang rekke innspel frå både privatpersonar og grendelag, for det meste forslag til endra arealbruk.

Forskrift om konsekvensutgreiing bidrar til tidleg medverknad gjennom pålagt offentleg ettersyn av planprogrammet, der det vert gjeve høve til å påverke kva for spørsmål som skal vere tema for planarbeidet og kva utgreiingar som skal gjerast.

Innleiingsvis i arbeidet vart det halde 3 folkemøte i kommunen; Lindås, Ostereidet og Knarvik.

Frist for å kome med innspel til oppstart av planarbeidet og til planprogram var i utgangspunktet sett til 24.1.2009. Då planprosessen er omfattande og går over så pass lang tid, har administrasjonen i Lindås kommune vald å ta innspel opp til vurdering og framlegging for styringsgruppa sjølv om dei har kome inn etter at den kunngjorde fristen var gått ut. Ein har såleis kunne ta imot innspel heilt fram til oppstart av konsekvensutgreiinga. Då det var kome få gode innspel om småbåthamner, samstundes som behovet er stort, vart slike innspel teke med i vurderinga sjølv om dei kom seint inn.

Etter at planen byrja å ta form hausten 2010, vart den presentert i regionalt planforum, der hovudtrekka i planen vart drøfta med representantar frå Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, Fiskeridirektoratet og Kystverket.

Gjennom rikspolitiske retningsliner for barn og unge har kommunen eit spesielt ansvar for å sikre at kommunen i planarbeid innarbeider omsyn til menneske i dei yngste aldersgruppene våre. Omsynet til barn og unge har vore eit eige tema i konsekvensutgreiinga (KU). Det vil på bakgrunn av KU verte stilt krav til "barnetrakkregistreringar" for enkelte område, der ein har indikasjonar på at områda er i bruk til uorganisert aktivitet. Lindås kommune sine einingsleiarar for barnehage og skule har vore med i møte undervegs i planprosessen med innspel om behov og plassering av offentlege areal til skule og barnehage. Planframlegget har òg vore sendt barnerepresentanten i kommunen for gjennomsyn.

Administrasjonen har gode erfaringar med tverrfaglege arbeidsgrupper på fagnivå for å få fram relevante problemstillingar, og å kvalitetssikre arbeidet på administrativt nivå. Dette har det vore ynskjeleg å vidareføra også i dette planarbeidet.

Lag og organisasjonar med særskilt kompetanse på aktuelle tema, vart tilskrivne ved offentleg ettersyn. Det gjeld bonde- og skogeigarlaga, turlag, idrettsråd og næringsorganisasjonar.

Medan planen låg ute til 1. gongs offentleg ettersyn, vart det halde folkemøte på Lindås, på Ostereidet, i Knarvik og i Alversund. Det vart òg halde eit eige møte med ungdomsrådet for å sikre medverknad frå dei eldste ungdomane i kommunen.

## 3 UTFORDRINGAR OG PROBLEMSTILLINGAR

### 3.1 Plankvalitet

#### 3.1.1 Føresegner

Det har vore ønskeleg at bustader i LNF-områda gjennom føresegnene får klarlagt rammer for tilbygg og liknande mindre tiltak på bustadeigedomar som frå før er bygd på. Dette blant anna for å unngå så mange dispensasjonar, som medfører mykje arbeid for kommunen, samstundes som det påfører innbyggjarane uforholdsmessig store utgifter til sakshandsaming. Det har vist seg at slike føresegner ikkje er mogleg å gjere juridisk bindande, og ein har difor ikkje kunna løyse denne problemstillinga slik det har vore ønske om. Det vert i staden teke inn retningslinjer til planen for å imøtekomma denne utfordringa, og det vert lagt opp til at det skal vurderast om kommunen skal gje lågare gebyr for handsaming av dispensasjon i slike saker.

Rom for ulike tolkingar av føresegnene har vore ei stor utfordring ved gjeldande plan. Det er difor lagt stor vekt på å få til føresegner med betre kvalitet og høgare grad av detaljering. Det er ønskeleg at føresegnene til arealdelen av kommuneplanen og kommunedelplanane er mest mogleg likearta, for å sikre lik handsaming av like saker over heile kommunen. Føresegnene for arealdelen av kommuneplanen er såleis samkjørt med føresegnene for kommunedelplanane for *Lindåsneset med Mongstad og Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden*.

Blant grepa som er gjort i føresegnene, er å gjere kravet om reguleringsplan gjeldande for alle område som er sett av til bygg og anlegg og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Dei noko diffuse unntaka i eksisterande plan er såleis tekne bort. For andre arealføremål er det teke inn reguleringsplankrav der det er behov for det, blant anna dei fleste småbåthamnene. Samstundes er det gjort unntak for konkrete areal der det ikkje er behov for reguleringsplan.

Dei kommunale vedtektene som omhandlar parkering og leikeareal er no tekne inn i føresegnene, og vil gjelde i staden for desse. I samband med dette er krava revidert og gjort meir presise. Slik skal barn og unge sine interesser vere betre ivaretekne enn tidlegare. Når det gjeld parkering, er det no innført makskrav i tillegg til minimumskravet. Dette for å imøtekomme behovet for ei meir miljøvennleg utbygging med høgare arealutnytting og reduksjon av bilbruk.

Det vil alltid vere ein vanskeleg balansegang mellom kor detaljerte føresegnene skal vere og kor fleksibel planen skal vere. Det har vore viktig å gjennom planprosessen få fram kva føresegnene skal løyse, slik som god og heilskapleg arealutnytting og kvalitet og rekkefølge i utbygginga. Dette har så vorte sett inn i det juridiske rammeverket. Det har vore eit mål at føresegnene skal vere presise og lette å finne fram i.

#### 3.1.2 Plankartet

Plankartet er oppdatert med dei nye arealføremåla etter ny plan- og bygningslov. I denne prosessen er det avdekka ein del område der avgrensingane mellom ulike føremål har vore noko tilfeldig. Dette har vore forsøkt ordna fleire stader, og det går då fram av konsekvensutgreiinga eller planskildringa elles.

Det har vore eit ønske å oppdatere kartet på ein slik måte at eksisterande arealføremål ikkje deler tomter eller andre små eigedomar. Etter ny plan- og bygningslov der nye byggjeområde skal konsekvensutgreiast, har vi vurdert at slike justeringar ikkje kan gjerast utan at det nye arealet vert konsekvensutgreidd eller i det minste er gjenstand for ei grundig vurdering. På grunn av dette har ei slik justering vorte nedprioritert av kapasitetsomsyn. I samsvar med det som var fastsett i planprogrammet, er dei viktigaste landbruksareala no vist i kartet som omsynssoner. Det same gjeld dei viktigaste områda som vert nytta til friluftsføremål.

## 3.2 Viktige problemstillinger og tema

### 3.2.1 Landbruks-, natur-, og friluftsområde (LNF)

Av planprogrammet går det fram at alle LNF1-områda (spreidd bustadbygging) skal vurderast om dei skal endrast til bustadføremål (fortetting) eller reine LNF-område utan opning for spreidd busetnad. Ut frå jordvernomsyn, er det lite ønskeleg at det vert sett av areal til bustadføremål i område som har eit klart landbrukspreg, då dette vil bidra til auka press mot dei dyrka areala. LNF1-områda er difor gjennomgått med tanke på om dei skal vidareførast eller ikkje.

Ut frå eit ønske om at det ikkje skal bli unødig mange dispensasjonar å handsame, har ein valt å behalde alle LNF-områda med opning for spreidd bustadbygging. Då kan ein ha føresegner som gjer det mogleg å føre opp tilbygg o.l. til eksisterande bustader utan dispensasjon. Avgrensinga av områda er likevel gått gjennom og i mange tilfelle redusert, slik at det samsvarer meir med det arealet som faktisk er bygd ut. I ein del område har det ikkje vore ønskeleg å opne for nye bustader, ut frå omsyn til landbruket, strandsona eller utbyggingsstrukturen i kommunen. Det er då ført opp i føresegnene at det vert opna for 0 nye einingar.

I kring halvparten av LNF1-områda har det ikkje vorte bygd nokon einingar i førre planperiode. I desse områda har vi som oftast valt å vidareføra det same talet einingar til den nye planen. Vi har då vurdert at full konsekvensutgreiing ikkje er naudsynt, då det ikkje vert opna for noko som ikkje har vore opna for frå før. I nokre få område vert det opna for fleire nye einingar og det ver også teke inn nokre få nye område der det vert opna for spreidd bustadbygging. Desse er konsekvensutgreidd.

I to område (Dyrkolbotn og Spurkeland) er det opna for spreidd næringsbygging. Dette ut frå eit ønske om å styrke næringsverksemd i bygdene, og som er basert på naturen i det eine tilfellet og gardsdrifta i det andre. I desse områda har det vore vurdert at reguleringsplan vil vere eit krav som kan medføre ein uforholdsmessig stor byrde. Det er i staden gjeve detaljerte føresegner om korleis areala kan utnyttast.

I planprogrammet er det fastsett at det skal vurderast byggeforbodsgrense på opptil 100 m for vassdrag med natur-, friluftsliv- eller kulturverdi. I føresegnene er det eit generelt byggeforbod på 50 m langs alle vassdrag med årvisst vassføring. Dette forbodet er vidareført frå dei eksisterande føresegnene. Dei fleste elvene i kommunen er såpass små eller ligg i så bratt terreng at ei byggeforbodsgrense ut over 50 m ikkje er hensiktsmessig, sjølv om dei har særlege verdiar for natur, friluftsliv eller kultur. Dette gjeld blant anna Eikangervassdraget og elva på Seim. Av større vassdrag (vatn) er det først og fremst Storavatnet - Tveitavatnet med tilhøyrande strandsona, som er av stor verdi for friluftslivet, og der ei breiare byggeforbodssone kan vere aktuelt. Her vert det i staden lagt på ei omsynssone som synleggjer vassdraget sin verdi for friluftsliv. Då vert ei generell utviding av byggeforbodssona vurdert som for upresis, og dermed overflødig. På sikt bør det vurderast om det er tenleg å vurdere "funksjonell strandsona" langs vassdrag på same måte som langs sjøen.

### 3.2.2 Forvaltning av strandsona, kartfesting av funksjonell strandsona



Det er eit mål for kommunen å få fastsett den funksjonelle strandsona, som eit nyttig verktøy for sakshandsaminga. Å kartfeste funksjonell strandsona i heile kommunen vart vurdert som for omfattande for denne rulleringa. I dette planarbeidet har difor Osterfjorden vore prioritert. I tillegg er Hodneland kartlagd, i samsvar med ønskje frå styringsgruppa. Den funksjonelle strandsona er vegleiane og er vist i temakartet til planen. Funksjonell strandsona gjeld berre i LNF-områda, og gjev ei meir lokaltilpassa tilnærming til det generelle byggeforbodet i hundremetersbeltet langs sjøen. Det generelle forbodet vil framleis gjelde i desse områda. I nye og eksisterande byggeområde har det vorte fastsett ei byggegrense mot sjø som erstattar det generelle byggeforbodet i hundremetersbeltet. Både funksjonell strandsona og byggegrensene mot sjø er dokumentert i rapporten *Kartlegging av funksjonell strandsona og dokumentasjon av byggegrensar mot sjø*, datert 28.7.2011. Denne rapporten er ein del av plangrunnlaget.

Av planprogrammet går det fram at det er stort behov for småbåthamner i kommunen, og at aktuelle nye lokalitetar skal sikrast god tilkomst og tilrettelegging for ålmenta. Det går vidare fram at nye naustområde kan verte aktuelt som utvikling av område som alt er delvis utbygd, og at byggeskikk for naust skal vere tema.

Gjennom planprosessen har ein vore oppteken av å finne gode areal for småbåthamner, og har i stor grad imøtekome dei innspela som er komne inn. Dette er viktig for å unngå spreidd nedbygging av strandsona gjennom dispensasjonar for flytebrygger og liknande. Dersom det er brukbar tilgang på småbåthamner, kan slike søknader visast til dei godkjende fellesområda. Når det gjeld naust, er dette behovet søkt løyst delvis i tilknytning til småbåthamnene, delvis som fortetting av eksisterande område samt nokre nye der konfliktane har vore små. Byggeskikk for naust er ivareteke gjennom føresegnene.


### 3.2.3 Folketal

Ved inngangen til 2010 var det i Lindås kommune 14 286 innbyggjarar. I 2002 var det 12 721 innbyggjarar, og på desse 8 åra har innbyggjartalet såleis auka med 1565 personar.




Folketalutvikling. Faktiske tal fram til 2009. Kjelde: SSB

Norconsult har på oppdrag frå Lindås kommune utarbeida ny folketalsprognose for kommunen. Utrekningane i prognosen baserer seg på ei vidareføring av flyttmønster, fruktbarheit og dødelegheit som for dei siste 5 åra (kjelde: SSB). Flyttestraumen er korrigert for planlagd bustadbygging.




Kjelde: Kommunedelplan for skule (Norconsult).






Den nye prognosen viser at Lindås kommune kan vente jamn auke i folke- talet i heile planperioden. Kor stor vekst det vert, er avhengig av bustad- bygginga. Med den byggeaktiviteten som er lagt til grunn kan folke- talet ventast å passere 15 000 i 2013, 16 000 i 2017 og 17 000 i 2022.



I den øvste figuren til venstre er den nye prognosen (svart strek) samanlikna med SSB sine prognosealternativ for høg, middels og låg nasjonal vekst (raud, grøn og gul strek). Figuren viser at prognosen ligg mellom SSB sitt alternativ for middels- og høg nasjonal vekst.



Prognosar for barneskulane sine inntaksområde er vist i dei to andre figurane. Figurane viser at det kan ventast ein kraftig auke i folke- talet i inntaks- områda til Alversund og Knarvik. Leiknes, Lindås, Ostereidet og Skodvin kan og vente ein auke, medan Seim og Festo kan vente ein nedgong. I dei andre områda er det berre venta mindre endringar.

Kjelde: Kommunedelplan for skule (Norconsult).

### 3.2.4 Busetnad og utbyggingsmønster

Dei siste elleve åra er det til saman meldt oppstart på 1181 bustader (bueiningar) i Lindås kommune. Året 2004 hadde den største byggeaktiviteten i kommunen, då det vart meldt oppstart på 206 nye bueiningar.

Om vi samanliknar krinsane ser vi at området Alversund, Knarvik og Seim og Leknes har hatt den største delen av veksten med 790 av 1181 bueiningar. Ostereidet (94) og Lindås (149) har og hatt bra byggeaktivitet. Lågast utviklingstakt finn vi i krinsane Åsheim, Festo og Kløvheim, med 11 til 12 nye bustadeiningar i perioden.

Lindås kommune er i sterk vekst, særleg i dei sørlege delane av kommunen. Ein del av nybygginga skjer spreidd, og med liten eller ingen tilknytning til stadeigne arbeidsplassar. Fylgjene for landbruk, for friluftsliv, for transportøkonomi, for ureining og tidsbruk har vore ei utfordring for planarbeidet.

Gjennom prosessen har mønsteret for ny busetjing og utbygging i planperioden vorte fastsett. Areal- og transportplanlegging er samordna i planen, og tilbod om kollektivtransport og gang- og sykkelveggar har vore med i vurderingane av nye byggeområde. Fastsetjinga av utbyggingsmønster vil kunne vere med å redusere klimagassutsleppa i kommunen. Lindås kommune er ein del av ein felles bustad- og arbeidsmarknad i Bergens-regionen, noko som aukar behovet for ei samorda areal- og transportplanlegging. Tilrettelegging for bruk av kollektivtrafikk er i ein slik samanheng viktig. Kommunen legg med denne planen opp til ein utbyggingspolitikk som i størst mogleg grad reduserer trongen for transport, og gjev grunnlag for sterkare satsing på kollektivtrafikk, sykkel- og gangtilhøva.

Av planprogrammet går det fram at arealrekneskap som viser utbygde og ubygde tomter i godkjende bustadområde skal synleggjerast i arbeidet. Det vert her vist til bustadbyggjeprogrammet for Lindås kommune 2009 – 2011 (sjå tabellar under). Norconsult har i Kommunedelplan for skule vist følgjande utbyggingspotensiale fordelt på barneskulekrinsar:

| Barneskuleområde | Utbyggingspotensiale i godkjende planar (frå bustadbyggeprogrammet) |       | Ferdigstilte bustader i 2009-2024 (som det er tatt høgde for i prognosen) |                    |
|------------------|---|-------|---|--------------------|
|                  | Bustader  | Areal | I heile perioden  | Årleg gjennomsnitt |
| Alversund        | 750   | 330da | 480   | 30                 |
| Knarvik          | 1200  | 200da | 640   | 40                 |
| Leiknes          | 60  | 160da | 160   | 10                 |
| Eikanger         | 48  | ?     | 48  | 3                  |
| Ostereidet       | 33  | 137da | 96  | 6                  |
| Kløvheim         | 72  | ?     | 32  | 2                  |
| Myking           | 28  | 28da  | 48  | 3                  |
| Lindås           | 70  | 20da  | 96  | 6                  |
| Skodvin          | 56  | 115da | 64  | 4                  |
| Seim             | 14  | 30da  | 48  | 3                  |
| Festo            | 10  | 45da  | 16  | 1                  |
| <b>SUM</b>       | <b>2341</b>   |       | <b>1728</b>   | <b>108</b>         |

*Utbyggingspotensiale og ferdigstilte bustader som det er teke høgder for i prognosen, fordelt på barneskuleområde.*

| <b>Seim barneskulekrins</b>        | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|------------------------------------|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Del av gnr 172 bnr 6, Lars Hopland | 1263-200501    | 5 tomtar                       | Godkjent 2005            |
| Sigvart Hopland gnr. 172 bnr. 4    | 1263-200705    | 2 tomtar                       | Godkjent 2005            |
| SUM                                |                | 7 tomtar                       |                          |

| <b>Leiknes barneskulekrins</b>    | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|-----------------------------------|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Hellesneset G.nr.202 B.nr.26      | 1263-19022007  | 12 einingar (B1-B4)            | Godkjent 2009            |
| Leiknes Midtgård GNR.196 BNR.4    | 1263-15122005  | 16 bueiningar                  | Godkjent 2007            |
| Midtgård-Leiknes                  | 1263-200906    | 38 bueiningar                  | Godkjent 2010            |
| Helleåsen                         | 1263-19032007  | 48 bueiningar                  | 2 gangs handsaming       |
| Leiknes skule med omkringl. areal | 1263-201008    | 9 bueiningar                   | Godkjend 2010            |
| Sundsbakken                       | 1263-200909    | 6 bueiningar ?                 | Under arbeid             |
| Apalen sør                        | 1263-200809    | 10 bueiningar ?                | Under arbeid             |
| SUM                               |                | ca 139 bueiningar              |                          |

| <b>Eikanger barneskulekrins</b>   | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|---|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Stemmemyra gnr.214,del av bnr.1-8 og 17   | 1263-17022006  | 40 bueiningar                  | Godkjent                 |
| Fyllingsnes. Del av gnr. 214, bnr 4,5,7 m.fl.   | 1263-21061990  | 180 bueiningar                 | 1. gangs handsaming 2010 |
| SUM   |                | 220 bueiningar                 |                          |
| NB: Rekkjefølgjekrav knytt til krav om utbetring av E-39 for begge felta gjer utbygginga vanskeleg. |                |                                |                          |

| <b>Ostereidet barneskulekrins</b>          | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|--|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Dyrhovden. Del av gnr. 233 bnr. 119 og 104 | 1263-23091999  | 5 tomtar                       | Godkjent 1999            |
| Eknes ytre. Gnr. 239 del av bnr. 2 m.fl.   | 1263-15041999  | 8 tomtar                       | Godkjent 1999            |
| SUM  |                | 13 tomtar                      |                          |

| <b>Kløvheim barneskulekrins</b> | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|---------------------------------|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Kløve bustadfelt, Sveene        | 1263-200801    | 48 bueiningar                  | 2. gangs handsaming 2011 |
| Kløve Nord                      | 1263-01072007  | 32 bueiningar                  | Godkjent 2010            |
| SUM                             |                | 80 einingar                    |                          |

| <b>Myking barneskulekrins</b>                                    | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|--|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Reguleringsplan for bustadfelt Vabø del av g.nr 102 B.nr.8 og 50 | 1263-26102006  | 16 tomtar                      | Godkjent 2006            |
| Hellebrekka  | 1263-15101979  | 26 bueiningar                  | Godkjent 1979            |
| Hodne. Myking aust   | 1263-13081997  | 16,4 da                        | Godkjent 1997            |
| SUM  |                | 42 bueiningar, 16 da           |                          |

| <b>Feste barneskulekrins</b> | <b>Plan-ID</b> | <b>Restpotensiale i planen</b> | <b>Status for planen</b> |
|------------------------------|----------------|--------------------------------|--------------------------|
| Lygra Indre                  | 126311122002   | 10 tomtar                      | Godkjent 2001            |
| SUM                          |                | 10 tomtar                      |                          |

| Lindås barneskulekrins (med Åsheim)         | Plan-ID       | Restpotensiale i planen                        | Status for planen |
|---|---------------|--|-------------------|
| Grønnfjellet. Del av gnr. 108 bnr. 22 og 64 | 1263-13081987 | 7 tomter                                       | Godkjent 1987     |
| Hope. Del av gnr. 126 bnr. 10 m.fl.         | 1263-19062003 | 5 tomter-                                      | Godkjent 2003     |
| Kolås III. Del av gnr. 107 bnr. 108         | 1263-08101976 | 17 eine -7 firem - 6tom.og 13 illustrerte bygg | Godkjent 2006     |
| Lindås prestegard. Del av gnr. 108 bnr. 1   | 1263-22032001 | 10,2 da til bustader                           | Godkjent 2001     |
| Risa bustadfelt                             | 1263-28091977 | ca 30 tomter                                   | Godkjent 1977     |
| Skinstø (gnr. 116 bnr.62)                   | 1263-200910   | 15 -20 bueiningar ?                            | Oppstart 2009     |
| SUM   |               | 45 tomter – min. 80 bueiningar                 |                   |

| Skodvin barneskulekrins                           | Plan-ID       | Restpotensiale i planen | Status for planen |
|---|---------------|-------------------------|-------------------|
| Hundvin. Alt. C                                   | 1263-27041981 | 14 tomter               | Godkjent 1981     |
| Brundtlandåsen Bebygg.-plan - del av gnr/bnr 91/1 | 1263-31052001 | 5 tomter                | Godkjent 2001     |
| Brundtland R-plan - del av gnr 91 bnr 1           | 1263-30032007 | 70 mål                  | Oppstart 2007     |
| SUM   |               | 19 tomter – 70 mål      |                   |

Tabellane frå bustadbyggjeprogrammet viser restkapasitet for reguleringsplanar som er vedtatt eller i prosess i kvar barneskulekrins.

### 3.2.5 Bygdeutvikling

Det er sett som målsetjing for planarbeidet at bygdene skal styrkast med mindre bustadfelt eller opning for spreidd utbygging.

Det er ei utfordring å ha den ønska styringa over arealbruken i grendene, samstundes som ein ønskjer å tilby attraktive bustader for å skape bulyst og hindre fråflytting. Når det vert delt frå tomter i grendene, er det som oftast berre aktuelt frå eigedomar som tilhøyrer familien, samstundes som ei attraktiv lokalisering er langt viktigare her enn i meir sentrale strom, der tomtene uansett vert omsett. Område for spreidd busetnad er difor eit veileigna arealpolitiske verkemiddel som gjev den naudsynte fleksibiliteten. Samstundes er regulerte bustadområde òg ønskeleg i grendene, for å kunne gje eit tilbod til dei som ikkje har moglegheit til å få delt frå ein tomt frå ein familieeigedom.

Frå gjeldande arealdel av kommuneplanen, der det er lagt ut totalt 22 område for spreidd bustadbygging, er erfaringa at lokaliseringa ikkje alltid har vore rett, då utbygginga gjerne har skjedd andre stader gjennom dispensasjon. I 12 av dei 22 områda er det ikkje delt frå tomter eller bygd bustader i perioden frå 2003 og fram til i dag. Samstundes er det i enkelte andre område eit press for å overstige talet bustadeiningar det er opna for.

Ved gjennomgangen av spreidde bustadområde, har vi kome fram til at det i meir sentrale strom har vore ønskeleg å unngå ny spreidd utbygging, ut frå omsyn til friluftsliv, landbruk og utbyggingsstruktur. I andre område, der distriktsomsyna har vore tungtvegande, har vi funne det ønskeleg å opne for nye bustader eller vidareføre eksisterande uutnytta moglegheiter. Det har ikkje vore ønskeleg å ta LNF1-område ut av planen, sjølv om dei ikkje har vore bygd i siste planperiode, då dette ikkje var signalisert i planprogrammet.

### 3.2.6 Næringsutvikling

Det er eit overordna mål å få på plass nye næringsområde i søre del av Lindås. I samband med planarbeidet har dette vorte konkretisert til i fyrste rekke å gjelde aksane E39 og FV57, og ikkje for langt unna Knarvik (og Bergen). Det er stor etterspurnad etter næringsområde i Bergens-regionen, og i utgangspunktet vil nye område vere meir attraktive di nærare Bergen dei ligg. Det har vorte vektlagt å finne større samanhengande område som har utvidingspotensiale, utan at dei kjem i konflikt med bustadområde eller andre samfunns- eller miljøinteresser.

### 3.2.7 Offentlege areal

I planprogrammet er det slått fast at det i planarbeidet skal sikrast at tilstrekkeleg areal vert sett av til offentleg føremål som skule, barnehage, seniorbustader, omsorgsbustader, gravplasser m.m. Dette er sikra i planen ved at det vert sett av areal til utviding av offentlege område der det er behov for nye areal eller stort press på dei omkringliggende areala. Behovet er vurdert i samråd med dei ansvarlege fagområda i kommunen.

### 3.2.8 Landskapsomsyn

Lindås kommune deltek i eit nasjonalt pilotprosjekt "landskap i kommunal planlegging." I planprogrammet går det fram at det vert viktig å overføra kunnskap og erfaring frå dette prosjektet inn i rulleringa av kommuneplanen, ved å ta vare på kvardagslandskapet og sikre at landskapet vert ein del av den heilskaplege planlegginga. Dette er teke inn i planen ved lokalisering av nye arealføremål. Landskap er også eit eige vurderingstema i konsekvensutgreiinga, slik at landskapsvurderingane har gitt premisser for avgrensinga av arealføremåla og har i mange tilfelle medverka til at føreslåtte område ikkje er tekne inn i planen. Dei ulike landskapstypene i kommunen er i tillegg synleggjort i temakartet.

### 3.2.9 Byggeskikk og estetikk

Det toårige prosjektet bygnings- og utemiljø vart avslutta i 2009 og sluttrapporten vart lagt ut på Lindås kommune si heimeside. Arbeidet har fokusert på arkitektur, terrengtilpassing, silhuettverknad, klyngetun, arkitektkonkurransar og landskapsanalysar.

Det skal arbeidast vidare med *Retningsliner for byggeskikk og estetikk* i planperioden for betre å kunne rettleie byggesøkjaren. Det er ynskjeleg at nettsida til kommunen vert vidareutvikla slik at det vert eit oppslagsverk for innbyggjarar, næring og kommunen. Retningslinene for byggeskikk og estetikk bør brukast aktivt i byggesaker og verte retningsgjevande for dispensasjonssaker.

### 3.2.10 Klima

Av planprogrammet går det fram at resultatane frå kommunedelplan klima og energi skal implementerast i kommuneplanen. Ved at klima og miljø har vore eit eige vurderingstema i konsekvensutgreiinga, har ein sikra at omsynet til klimaet alltid har vore med i vurderingane av om det skal opnast for nye arealføremål i eit område. Målet har vore å sikra ei samordna areal- og transportplanlegging. Målsetjingane for planarbeidet har i stor grad bidrege til at nye bustadområde har vorte lokalisert på ein gunstig måte for klimaet. Det har vore eit mål at nye byggeområde for bustader skal vere attraktive. Dette har medført at nye bustadområde ikkje er vortne lokalisert på undersolte stader som vil medføre eit stort oppvarmingsbehov. Det er i tillegg teke inn fleire føresegnar som støttar opp under ei meir klimavenleg utbygging.

### 3.2.11 Støy

Det er nasjonale målsetjingar om å unngå at menneske vert utsett for unødig støy som kan skape helseplager. Av planprogrammet går det fram at der kommunen har kjent kunnskap, skal



støysoner kartfestast gjennom å vise raude og gule soner rundt alle viktige støykjelder. Det same vil gjelde for grøne soner, stille område. Ut frå dette vert det sett av omsynssoner for støy rundt vegnettet, der kommunen har motteke berekningar frå Statens vegvesen. Støy har òg vore med i vurderingane av lokalisering av nye bustadområde, då det har vore eit mål at nye bustadområde skal ha attraktive kvalitetar og ved at folkehelse (og støy) har vore vurderingstema i konsekvensutgreiinga.

### 3.2.12 Barn og unge

Som følgjer av den nye plan- og bygningslova, er vedtektene som omhandlar barn og unge no tekne inn i føresegnene. Dette er i samsvar med planprogrammet, der det står at det skal utformast føresegner som set krav til storleik og kvalitet på uteareal for barn og at det skal utformast rekkefølgjekrav.

Det er teke inn føresegner som seier at ved utarbeiding av reguleringsplanar, skal det veljast ei lokalisering av areala for barn og unge som sikrar gode kvalitetar, og at slike areal skal plasserast før areal for bustader og vegar. Det er også teke inn krav til storleik på uteområde og leikeareal i føresegnene. Krava skal vere meir presise enn tidlegare, og sikre barn og unge sine interesser betre. For å unngå nedbygging av areal som er i bruk av barn og unge i dag, er det stilt krav om barnetrakkregistrering for nye byggjeområde der det er indikasjon på at områda kan vere i bruk til uorganisert leik. Det er også teke inn rekkefølgjekrav om trafikkisikringstiltak der det er behov.

### 3.2.13 Helse og universell utforming

Det er eit nasjonalt mål å sikre at dei minst fysiske aktive skal verte litt meir aktive for å få ei helsegevinst. Dette gjeld både barn, unge og vaksne. Det er difor slått fast i planprogrammet at areal til fysisk aktivitet og gang- og sykkelvegnett må ivaretakast i kommuneplanen.

Skuleveg, grønstruktur og friluftsområde er sentrale for det å kunne vera fysisk aktiv. Tilgang på grønstruktur og friluftsområde er sentrale for moglegheitene for fysisk aktivitet. Trygge gang- og sykkelveg mellom heim, barnehage, skule, idrettsanlegg og kulturaktivitetar er òg viktige i ein slik samanheng.

Alle bustadområde i kommunen har god tilgang på friluftsområde, slik at folk skal ha gode moglegheiter til fysisk aktivitet i nærområdet. Det vert også sett av grønstruktur der det har mangla, dette gjeld særleg på Lindås. Her vert det også krav om områderegulering, som skal sikre ein god overordna grønstruktur i dei nye bustadområda. I planen er det teke inn gang- og sykkelveg mellom Lindås og Mongstad og på Seim. Det er knytt rekkefølgjekrav til etablering av gang- og sykkelveg på Seim og på Ostereidet. Dei viktigaste friluftsområda i kommunen er sikra gjennom omsynssoner, og på Hopsdal er eksisterande lysløype med tilhøyrande parkering sikra ved at areala no vert tekne inn i plankartet.

Det har òg vore eit mål i planen å unngå at nye næringsområde kjem i konflikt med bustadføremål. Dette har blant anna ut frå eit ønske om å unngå uheldige verknader for befolkninga i form av støy og lukt og anna ureining. Dette målet er i svært stor grad nådd.

I ny teknisk forskrift til byggverk, sett i kraft i 2010, kom det krav om at alle arbeidsbygg og publikumsbygg med to etasjar eller meir skal ha heis tilgjengeleg for alle med nedsette funksjonar. For bustader kom det krav om heis for alle bueiningar som treng tilkomst med trapp, med meir enn ein etasje. Vidare skal alle bustader som har alle hovudfunksjonar på inngangsplanet, vera tilgjengelege for personar med funksjonsnedsetting. Det betyr at mange bustader mange stader ikkje treng ha universell utforming, om byggjeføretaka ikkje ønskjer dette sjølve, eller kommunen ikkje har ein aktiv politikk på området. Det er såleis naudsynt at kommunen stiller krav om universell utforming gjennom arealdelen av kommuneplanen, då dette ikkje er tilstrekkeleg ivareteke gjennom lov og forskrifter.

Av planprogrammet går det fram at prinsippa om universell utforming skal innarbeidast i planen gjennom føresegnar og retningsliner. Det er difor teke inn ei føresegn som sikrar at universell utforming vert ivareteke. Føresegna er knytt opp mot det overordna målet knytt til universell utforming som er nedfelt i samfunnsdelen av kommuneplanen. Der går det fram at innafor skulekrinsen Knarvik og Alversund, skal uteareala og 70 pst. av bustadane i nye felt vera utforma etter prinsippa om universell utforming. I kommunen elles, skal 50 pst. av nye bustader i nye bustadfelt vere utforma etter prinsippa om universell utforming, og uteområda skal i stor grad vere universelt utforma. Det er òg teke inn i føresegnene at fellesareal og offentleg areal, under dette gangveg/fortau, så langt som mogleg skal ha universell utforming.

### **3.2.14 Senterstruktur i kommunen**

I planprogrammet er det slått fast at senterstrukturen i Lindås kommune skal verte vurdert på nytt. Det går òg fram at planen skal definere handelsområde og eventuelt synleggjere område for etablering av kjøpesenter.

Av målsetjingane for planarbeidet, går det fram at det skal byggjast opp under eksisterande senter. Her er dette definert som Lindås, Ostereidet og Knarvik/Alversund. Det vert dermed satsa på regionsenteret, som ligg i ein eigen kommunedelplan og i utgangspunktet ikkje er tema for denne planen, og dei to lokalsentra som frå før har tydelegast funksjon som senter. Denne satsinga inneber at større bustadområde skal lokaliserast nær desse sentra, og at nye kjøpesenter berre kan etablerast her. Dette er eit viktig verkemiddel for å imøtekoma krava om ei samordna areal- og transportplanlegging, slik at ein kan bidra til å styrke kollektivtransporten og unngå unødig bilbruk.

### **3.2.15 Kvalitet i reguleringsplanar**

I planprogrammet er det slått fast at det skal arbeidast med å sikre god kvalitet i reguleringsplanar, blant anna gjennom:

- Fysisk gode bustadmiljø der det m.a. vert eit klart skilje mellom næring/industri og bustadområde
- Utbyggingsavtalar
- Landskap
- Leikeområde
- Klimatilpassing (føringar frå kommunedelplan for klima og energi)
- Sikre universell utforming

Desse punkta skal vere godt imøtekomne i planen, først og fremst gjennom føresegnene, men òg gjennom arealvurderingane som er gjort i konsekvensutgreiinga.

## 4 AREALVURDERINGAR

### 4.1 Arbeidsmål for arealdelen av kommuneplanen

På bakgrunn av dei utfordringane som er skisserte i kapittel 3 i denne planskildringa og det vedtekte planprogrammet, har styringsgruppa definert meir detaljerte målsetjingar for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Dette har vore eit naudsynt verktøy for å kunne vurdere innspela til endra arealbruk i eit overordna og heilskapleg perspektiv. Følgjande arbeidsmål er lagt til grunn for arbeidet med arealdelen:

#### Fritidsbustader

- Det skal leggjast til rette for små hyttefelt med gode kvalitetar i utkantane av kommunen.
- Nye hytteområde skal ikkje koma i konflikt med viktige samfunnsinteresser.
- Nye tomter skal utgjere ein del av allereie etablerte eller nye hyttefelt.

#### Bustader

- Nye bustadområde skal ha ei attraktiv lokalisering og skal knytast til eksisterande infrastruktur, skule, butikk med meir.
- Større bustadområde skal lokaliserast langs aksane E 39 og FV 57, slik at dei styrker eksisterande senter (Ostereidet, Lindås og Knarvik/Alversund).
- Grendene skal styrkast ved at det vert sett av område for bustadbygging, anten i mindre felt eller spreidd (LNFb).
- Det skal leggjast opp til ein utbyggingspolitikk som reduserer trongen for transport og gjev grunnlag for sterkare satsing på kollektivtrafikk, sykkel- og gangtilhøva.
- Arealdelen skal gje klare rammer for fortetting.
- Areal til fysisk aktivitet og gang- og sykkelvegnett må ivaretakast i kommuneplanen.
- Prinsippa om universell utforming skal innarbeidast i planen gjennom føresegner og retningslinjer.

#### Landbruk, natur og friluftsliv

- Større, samanhengande friluftsområde og særleg viktige landskap og naturmiljø skal sikrast gjennom omsynssoner.
- Det skal setjast av areal til universelt utforma badeplassar og stiar. Det skal setjast av tilstrekkeleg med parkering i tilknytning til offentlege badeplassar.
- Landbruksinteressene skal ivaretakast gjennom kjerneområde landbruk (omsynssoner).
- Det er viktig å synleggjere og sikre næringsutvikling knytt til landbruket.
- Funksjonell strandsone skal fastsetjast langs Osterfjorden og ved alle byggeområde (nye og eksisterande).
- Byggeforbodsgrense inntil 100 m frå vassdrag med natur-, friluftsliv- eller kulturverdi skal vurderast.

#### Næring

- Nye næringsområde skal ha ei attraktiv lokalisering og rom for framtidige utvidingar.
- Større næringsområde skal lokaliserast langs aksane E 39 og RV 57 fortrinnsvis innafor 15 minutt kjøretid frå Knarvik.
- Område nær djupvasskai skal prioriterast for næring.
- Det skal sikrast at rett verksemd vert lokalisert på rett stad gjennom retningslinjer til arealdelen og ved regulering.
- Planen skal definere handelsområde og skal eventuelt synleggjere område for etablering av kjøpesenter.

### **Småbåthamner og naust**

- Det skal leggjast til rette for god tilgang til bruk av sjøområda i kommunen ved at det vert sett av område for småbåthamner og offentlege slippar.
- Behovet for naustfunksjonar skal dekkast i tilknytning til småbåthamnene. Der tilhøva ligg til rette for det, kan det opnast for utviding/fortetting av eksisterande naustområde.
- Ved regulering av naustområde og småbåthamner skal det sikrast god tilkomst, areal til parkering og tilstrekkeleg areal for ålmenta.

### **Offentlege areal**

- Det vert viktig å sikre at tilstrekkeleg areal i planen vert sett av til offentleg føremål som skule, barnehage, seniorbustader, omsorgsbustader, gravplassar m.m. Resultat av pågåande planarbeid vert implementert i kommuneplanen.

### **Klima**

- Resultata frå kommunedelplan klima og energi skal implementerast i kommuneplanen.

### **Støy**

- Der kommunen har kjent kunnskap skal støysoner kartfestast gjennom å vise raude og gule soner rundt alle viktige støykjelder. Det same vil gjelde for grønne soner, stille område.

### **Barn og unge**

- Det er ynskjeleg at viktige areal for barn og unge vert kartlagt.

## **4.2 Innspel, siling og merknadshandsaming**

I samband med høyring av planprogrammet og oppstart av planarbeidet kom det inn 291 innspel, både frå privatpersonar og offentlege høyringspartar. Dei fleste innspela gjeld endringar i arealbruk slik som naust, fritids- og turistføremål, bustader, fritidsbustader og næringsareal. Kommunen har òg kome med eigne forslag.

Det er utført ei siling av innspela med tanke på kva område som skulle konsekvensutgreiast. Dette arbeidet er gjort saman med styringsgruppa utifrå ei fagleg vurdering og måla som er sett for planarbeidet. Etter silinga stod ein att med rundt 120 innspel som vart konsekvensutgreidd. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga vart talet ytterlegare redusert, og ein stod att med ca. 100 forslag til endra arealbruk, ein del med endra avgrensing i høve til innspelet for å redusere dei negative verknadene. (Badeområde og område for spreidd busetnad kjem i tillegg til tala nemnd ovanfor.)

Etter at planframlegget hadde vore til 1. gongs offentleg ettersyn, vart det arbeidd vidare med planen ut frå innkomne merknader. Eit revidert forslag, med endringar av arealbruken i enkelte område og kring 20 nye byggjeområde, var lagt ut til nytt offentleg ettersyn. Det vart utarbeidd ei eiga konsekvensutgreiing for desse arealendringane. Etter 2. gongs offentleg ettersyn vart det berre gjort mindre justeringar av planen. Det vart gjennomført meklings med Fylkesmannen om område det var fremja motsegn til. Nokre område vart tekne ut av planen i samsvar med meklingsresultatet.

Oversikt over dei områda som ikkje er tekne med i planen på grunnlag av silingsprosessen, er gitt i vedlegg. Her går det òg fram kva vurdering som ligg til grunn for at innspela ikkje er tekne med vidare. Også merknader som kom inn ved 1. og 2. gongs offentleg ettersyn av planen er oppsummert og kommentert i vedlegg til planen.

Konsekvensutgreiinga (KU) er grunnlaget for kva område som er teke inn i planen. Nummereringa som er brukt på områda i KU refererer til innspelsnummeret. Dei områda som er tekne med i planen har fått eit nytt områdenamn (sjå plankartet). Samanhengen mellom desse nummereringane går fram av tabellen i kapittel 4.4.

## 4.3 Konsekvensutgreiing

Kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningslova § 4-2. Konsekvensutgreiingsforskrifta utdjuvar kravet til konsekvensutgreiing (KU). Denne utgreiinga for arealdelen av kommuneplanen for Lindås kommune, er utarbeidd med utgangspunkt i føringane i lov og forskrift.

Konsekvensutgreiinga skal vera grunnlag for å vurdera framlegg om endra arealbruk, og vil i tillegg seia noko om korleis utfordringar og viktige problemstillingar i kommuneplanen kan løysast. Konsekvensutgreiinga vil for kvart område med ny arealbruk innehalde kart og positive og negative verknader for kvart tema. For kvart område der det er framlegg om endra arealbruk skal konsekvensane frå alle tema samanstillaast og få ei samla vurdering. Vurderingane skal vera på oversiktsnivå, og dei skal beskrive verknadane for miljø og samfunn av nye områder for utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde.

Konsekvensutgreiinga er i to delar, utarbeidd i samband med 1. og 2. gongs offentleg ettersyn.

### 4.3.1 Metode

Metodisk er det teke utgangspunkt i Statens vegvesen si handbok 140 "konsekvensanalyser" samt metodikken i konsekvensutgreiing av kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad 2010-2022. Metoden er tilpassa lokale tilhøve og dette planarbeidet. Det er lagt opp til ei konsekvensutgreiing i tre fasar:

- *Verdi*. Ei vurdering av kor verdifulle dei ulike tema er innafor planområdet.
- *Påverknad*. Ei vurdering av kor stort inngrep tiltaket vil medføre for dei ulike tema.
- *Konsekvens*. Ei samla vurdering av verdi og påverknad.

Områda som er konsekvensutgreidd, er vurdert ut frå følgjande oppsett:

| KU-tema                    | Forklaring   |
|----------------------------|--|
| Landskap                   | Verknader for landskapet, under dette eksponering, terrenginngrep og ivaretaking av dei viktigaste landskapsdraga. Det er lagt vekt på om områda har viktige opplevingskvalitetar eller på andre måtar er sårbare for inngrep.   |
| Friluftsliv                | Verknader for område i bruk eller ønska brukt til friluftsliv. Det er teke utgangspunkt i den regionale kartlegginga av friluftsområde.  |
| Naturmangfald              | Verknader for viktige naturtypar, artar og inngrepsfri natur. Det er teke utgangspunkt i Artsdatabanken sitt Artskart, Naturbase og kommunen sine viltkart.  |
| Landbruk                   | Verknader for landbruket, under dette sikring av jordressursar og skog i drift. Det er teke utgangspunkt i kartlegginga av kjerneområde landbruk, som er utarbeidd i samband med planarbeidet, digitalt markslagskart og kommunen sin landbruksplan.   |
| Helse                      | Verknader for befolkninga si helse og fordeling av helse i befolkninga. Under dette støy, lukt, luftureining og universell utforming og uteområde.   |
| Kulturminne og kulturmiljø | Verknader for registrerte kulturminne og viktige kulturmiljø. Det er teke utgangspunkt i blant anna registreringane i Askeladden.  |
| Risiko og sårbarheit       | Synleggjering av risiko og sårbarheit som har tyding for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål og eventuelle endringar av slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. Under dette kriminalitetsførebygging, trafikktryggleik, havnivåstigning, ras, flaum, m.m. Der det er identifisert fare, vert dette teke vidare til risiko- og sårbaranalysen. |
| Miljø og klima             | Verknader for transportbehov og energiforbruk, klimagassutslepp, anna utslepp til luft, ureining av jordbotn og vatn.  |
| Born og unge               | Verknader for oppvekstvilkår for born og unge, inkludert tilgang til uteområde og omdisponering av areal som er i bruk til uorganiserte aktivitetar.   |
| Samla vurdering            | Samla vurdering av verknadane av planlagd utbyggingsføre mål, der dei mest utslagsgjevande verknadene vert nemnd.  |
| Konklusjon                 | Her går det fram om forslaget er teke med i planen eller ikkje, med tilhøyrande grunngjeving. Det går også fram om avgrensinga av området er endra og om det vert gjeve restriksjonar, som utgreiingskrav eller rekkefølgekrav.  |



### Verdivurdering

Dei vurderte areala er gjevne verdi ut frå følgjande skala:

- Låg verdi: Lokal interesse og verdi.
- Middels verdi: Regional interesse og verdi.
- Høg verdi: Nasjonal interesse og verdi

### Vurdering av påverknad (omfang)

Vurderingane av påverknad er eit uttrykk for kor store negative eller positive endringar det aktuelle innspelet vil medføre for det enkelte område. Påverknaden er vurdert i høve til alternativ 0, som er ingen tiltak i området.

Skala for påverknad:

- Stor negativ påverknad: Tiltaket vil vere øydeleggande for det aktuelle tema.
- Middels negativ påverknad: Tiltaket vil redusere verdien av det aktuelle tema.
- Lite eller ubetydeleg påverknad: Tiltaket har ingen særskilt innverknad på tema.
- Middels positiv påverknad: Tiltaket vil betre verdien av det aktuelle tema
- Stor positiv påverknad: Tiltaket vil i stor grad betre verdien av det aktuelle tema.

### Konsekvensvurdering

Konsekvensvurderinga er ei sammenstilling av det enkelte tema sin verdi og tiltaket sin påverknad/omfang, sjå figur til høgre. Konsekvensvurderinga er gjort for kvart enkelt innspel både for det einskilde tema og som ei samla vurdering av alle tema. Det er også foreslått avbøtande tiltak.

Tilrådingane til endra arealbruk er oppsummert i tabell til slutt i dokumentet. Dei samla konsekvensane av planen, med ny arealbruk og føresegner, er også vurdert i siste kapittel.

### Fareidentifikasjon risiko- og sårbarheit

I samband med risiko- og sårbaranalysen, skal det utførast:

- 1) Overorda sårbarvurdering
- 2) Fareidentifikasjon
- 3) Analyse av risiko for uønska hendingar
- 4) Identifikasjon av risikoreduserande tiltak

Punkt 1 og 2, sårbarvurdering og fareidentifikasjon, er utført i samband med konsekvensutgreiinga. Punkt 3 og 4, analyse av risiko og identifisering av risikoreduserande tiltak, vert del av ein eigen risiko- og sårbaranalyse, som er eit eige vedlegg til planen.

| Omfang \ Verdi   | Verdi |         |                                 |
|------------------|-------|---------|---------------------------------|
|                  | Lite  | Middels | Stor                            |
| Stort positivt   |       |         | Middels positiv konsekvens (++) |
|                  |       |         | Stor positiv konsekvens (+++)   |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
| Middels positivt |       |         | Middels positiv konsekvens (++) |
|                  |       |         | Lite negativ konsekvens (-)     |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
| Lite positivt    |       |         | Lite negativ konsekvens (-)     |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
|                  |       |         | Stor negativ konsekvens (- - -) |
| Intet            |       |         | Ubetydelig (0)                  |
| Lite negativt    |       |         | Ubetydelig (0)                  |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
|                  |       |         | Stor negativ konsekvens (- - -) |
| Middels negativt |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
|                  |       |         | Stor negativ konsekvens (- - -) |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
| Stort negativt   |       |         | Stor negativ konsekvens (- - -) |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |
|                  |       |         | Middels negativ konsekvens (-)  |

"Konsekvensvifta". Konsekvensen for eit tema kjem fram ved å samanhalde området sin verdi for temaet og tiltaket sin verknad. SVV handbok 140.

### 4.3.2 Samla konsekvensar av planen

Dei samla konsekvensane av planen, med tilrådd ny arealbruk og føresegner, er vurdert under. Vurderingane er gjort for planen totalt sett, for kvart utgreiingstema. Som resultat av konsekvensutgreiinga for kvart delområde, er ei rekke område ikkje tekne med i planen eller har fått endra arrondering for å redusere dei negative verknadene. Dette er teke høgde for i vurderinga av samla konsekvens.

#### Landskap

Det er i planarbeidet lagt vekt på at nye byggeområde vert plassert slik at negative verknader for landskapet i størst mogleg grad vert unngått. Dei områda der inngrep har størst konsekvens for landskapet, er først og fremst der nye tiltak vert gjort i strandsona eller blir liggjande på høgdedrag i terrenget, og såleis synlege frå mange stader eller langt borte. Der det vert lagt til rette for bygging i bratt terreng, vil det vere ein risiko for at inngrepet i samband med utbygging vert prega av unødig store skjeringar og fyllingar.

Ein har lagt opp til at nye bustad- og hytteområde skal koma nær eksisterande, og med ei plassering som unngår dominerande silhuettverknad. Det vert ikkje lagt opp mange nye bustader eller hytter i strandsona, og det er få store slike areal som vert lagt ut. Dei største er i tilknytning til Lindås senter, der dei føyer seg naturleg inn i eksisterande utbyggingsmønster.

Når det gjeld industri, vil fleire av desse ha negative verknader for landskapet, først og fremst ut frå storleiken åleine. I vurdering av alternativ er det lagt stor vekt på landskapsverknadene, slik at dei områda ein står att med no, er dei som er minst negative for landskapet. Samstundes ligg dei alternativa ein har valt, i område der landskapet er mindre sårbart for inngrep.

Nye inngrep i strandsona dreier seg først og fremst om naust og småbåthamner. Småbåthamner vil ofte ha negativ verknad for opplevinga av eit landskap, og er eit tydeleg framandelement der areala på land er kulturlandskap. Særleg framtrekande vert dette der det er behov for molo eller anna skjerming. Naust vert i dag bygd på ein annan måte enn tidlegare, med dårleg tilpassing til landskapet. Det vert ofte sprengt i bakkant, og fylt ut i framkant. Ettersom nye naust no vert plassert der det er naust frå før, eller behovet vert søkt løyst i tilknytning til småbåthamner, vert konsekvensen av nye naustområde vurdert som låg.

Ut frå dei areala som er tekne med, er dei samla, negative verknadene for landskapet vurdert å vere små. Det er teke inn føresegner som sikrar at det ved utarbeiding av reguleringsplan vert lagt vekt på terrengtilpassing av tiltaka. Det er også teke inn ei føresegn som seier at *"reguleringsplanar skal utarbeidast med utgangspunkt i ein landskapsanalyse"*.

#### Friluftsliv

Nye byggeområde er vurdert ut frå verknader både for regionale friluftsområde og for nærfriluftsområde. I hovudsak har ein unngått å leggje nye byggetiltak i område av verdi for friluftslivet, og i randsonene der det kan stenge for innfallsporten til friluftsområda. Unntaket frå dette er luftsportsanlegget som var foreslått på Erstadfjellet. Dette anlegget ligg i eit viktig nærfriluftsområde, og konsekvensen for friluftslivet er truleg betydeleg. Tiltaket er ikkje med i den vedtekne planen. Samstundes har ei rekke viktige badeområde i kommunen blitt sikra mot tiltak ved at dei er sett av til "friluftsområde – badeområde" i planen. Det er også teke inn i føresegnene at ein ved utbygging av naustområde, skal ta særlege omsyn til friluftinteressene.

For å synleggjere dei viktigaste friluftsområda i kommunen, er det lagt på omsynssoner på desse områda i plankartet. Dette inneber at det skal takast særlege omsyn til friluftslivet ved handsaming av saker innafor desse områda.

Samla sett vert verknadene for friluftslivet vurdert å vere ubetydelege.

## **Landbruk**

For å ivareta jordbruket sine interesser, er det gjort ei kartlegging av kjerneområde landbruk, basert på areala sin verdi for produksjon og kulturlandskap. Denne har blitt brukt ved vurdering av forslaga til endra arealbruk. Dette har medført at ei rekke innspel ikkje har vorte tekne med i planen. Samstundes er det lagt opp til omdisponering av kjerneområde der andre store samfunnsinteresser har talt for at dette har vore naudsynt. Dette gjeld blant anna Ostereidet og Lindås, der måla om å styrke eksisterande senter, har medført omdisponering av noko dyrka mark. Samstundes vil ei slik styring redusere presset mot dyrka mark andre stader. Med unntak av næringsområdet som er foreslått ved Åse, er dei fleste forslaga til omdisponering gjort i randsonene til kjerneområda eller der dei dyrka areala ligg inneklemt mellom eksisterande byggeområde.

For skogbruket er det svært få av områda som er konfliktfylte. Her er det næringsområda på Eidsnes og i Kjevikdalen som kan ha noko negative verknader, sjølv om områda ikkje vert rekna som særleg verdfulle skogbruksareal. Elles er skogbruksinteressene godt ivaretekne.

Når ein ser på planen samla sett, vert jordvernet styrka som følgje av kjerneområdekartlegginga, samstundes som noko areal vert omdisponert til andre føremål der areala er av lågare verdi. Skogbruksinteressene er også godt ivaretekne. Samla konsekvens vert difor rekna som låg.

## **Helse**

Det har vore eit mål i planen å unngå at nye næringsområde kjem i konflikt med bustadføremål. Dette har blant anna ut frå eit ønske om å unngå uheldige verknader for befolkninga i form av støy og lukt og anna ureining. Dette målet er i svært stor grad nådd.

Alle bustadområde i kommunen har god tilgang på uteområde, slik at folk skal ha gode moglegheiter til fysisk aktivitet i nærområdet. Det vert også sett av grønstruktur der det har mangla, dette gjeld særleg på Lindås. Her vert det også krav om områderegulering, som skal sikre ein god overordna grønstruktur i dei nye bustadområda.

Når det gjeld støy frå vegnettet, er det ikkje lagt opp til at det skal koma bustadområde der dette er eit problem. Det vert også teke inn omsynssone langs Europa- og fylkesvegnettet, slik at ein i framtida kan unngå at det vert gjort reguleringsvedtak eller gjeve byggjeløyve utan at støy er vurdert. Dette er også forankra i føresegnene.

Samla konsekvens for helse vert vurdert å vere noko positiv.

## **Kulturminne og kulturmiljø**

Ingen nye byggeområde vert lagt slik at dei kjem i konflikt med kjente kulturminne. Unntaket er næringsområdet på Eidsnes. Der ligg eit kjent gravminne innafor næringsområdet. Denne delen av arealet er regulert, slik at kulturminnet ligg i eksisterande plan. Kulturminnet er avmerka i kommunen sine kart, og vil verte teke omsyn til ved reguleringa av området. Elles er to gravfelt på Fosse, Fossebyggja og middelalderkyrkjegarden på Myking merka som omsynssone i plankartet. Når det gjeld kulturmiljø, vil dette stort sett vere nyare kulturmiljø, som jordbruket sine bygningar med tilhøyrande omland. Desse interessene er ofte samanfallande med kjerneområde landbruk, slik at dette i stor grad er ivareteke. Elles er det ein god del eldre naustmiljø i kommunen. Det er teke inn føresegner som skal sikre at kulturminne og kulturmiljø vert ivaretekne på best mogleg måte. Samla konsekvens for kulturminne og kulturmiljø er ubetydeleg.

## **Risiko og sårbarheit**

Den mest sentrale risikofaktoren som er avdekka i planarbeidet, har med trafikksikring å gjere. Mange av vegstrekningane i kommunen er av dårleg standard, og det manglar ofte gang- og sykkelveg. Dette har medført at mange innspel har vorte avvist på bakgrunn av trafikksikkerheit.

Samstundes er det teke inn rekkefølgjekrav for nye byggjeområde som sikrar opparbeiding av gang- og sykkelveg på utsette strekningar, som vegen til Fosse og på Ostereidet.

Når det gjeld ras, er det teke inn omsynssoner i plankartet som markerer skredfare i nye og eksisterande byggjeområde. Dette er basert på faresonekart for snøskred og steinsprang samt analyse av kvartærgeologisk kart med tanke på lausmasseskred. Det er òg teke inn føresegner som sikrar at det vert gjort ei geologisk vurdering av potensiell skredfare i desse områda i samband med planarbeid eller byggjesak.

Havnivåstiging og klimaendringar utgjer eit lågt farepotensiale i planområdet. Det er likevel teke inn ei føresegn som skal sikre at det vert teke omsyn til framtidig havnivåstiging ved bygging i utsette område. Det er òg teke inn føresegner som tek omsyn til sterk vind, ekstremnedbør, eksplosjonsfare m.m. i aktuelle område. Desse føresegnene er eit resultat av det som kom fram gjennom ROS-analysen.

Samla sett fører planen i liten grad til auka risiko, og samfunnssikkerheit er vesentleg betre ivareteke enn i tidlegare kommuneplan.

### **Miljø og klima**

Planen er utarbeidd med utgangspunkt i målsetjingar som i stor grad bidrar til å unngå negative verknader for miljø og klima, ved at det har vore lagt opp til at større byggjeområde skal lokaliserast der det er god tilgang på kollektivtransport. Det er òg teke inn ei føresegn om at det i områda med god kollektivdekning (langs E39 og RV57) skal leggest opp til godt samband mellom busstopp og nye byggeområde. Samstundes er det lagt opp til ei beskjeden utbygging i grendene, slik at dei framleis kan vere levande, men utan å legge opp til større byggjeområde her som medfører stor auke i klimagassutslepp.

Det har vore eit mål at nye byggjeområde for bustader skal vere attraktive. Dette har medført at nye bustadområde ikkje er vortne lokalisert på undersolte stader som vil medføre eit stort oppvarmingsbehov.

Samla sett vurderer vi at verknadene for miljø og klima er relativt låge.

### **Barn og unge**

Når det gjeld barn og unge sine interesser, er det først og fremst snakk om å sikre gode oppvekstmiljø, ta vare på område som er i bruk til uorganiserte aktivitetar og å sikre tilstrekkeleg med "grøne" areal i nye byggjeområde. Gode oppvekstmiljø vil det vere dei fleste stader i kommunen, så lenge bustadområda er plassert slik at ein unngår unødig trafikkfare. Dette er i stor grad oppnådd. For å unngå nedbygging av areal som er i bruk av barn og unge i dag, er det stilt krav om barnetrakkregistrering for nye byggjeområde der det er indikasjon på at områda kan vere i bruk til uorganisert leik. På Lindås og Seim er det òg teke inn grønstruktur i kommuneplanen for å møta behovet for ubygd areal der det er tett busetnad.

Det er teke inn føresegner som seier at ved utarbeiding av reguleringsplanar, skal det veljast ei lokalisering av areala for barn og unge som sikrar gode kvalitetar, og at slik areal skal plasserast før areal for bustader og vegar. Det er også teke inn krav til storleik på uteområde og leikeareal i føresegnene. Vi meiner dette samla sett skal gje både store nok og gode nok areal for barn og unge.

Samla sett vurderer vi at planen gjev ei betre sikring av barn og unge sine interesser enn eksisterande plan, og at konsekvensane difor er positive.

### **Naturmangfald**

Den nye naturmangfaldlova (NML) tok til å gjelde 1.7.2009. Føremålet med lova er at naturen, med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar vert

teke vare på med berekraftig bruk og vern, òg slik at den gjev grunnlag for menneska si verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida.

Naturmangfaldlova omfattar all natur. Med lova vart det blant anna innført krav til kunnskapsgrunnlag for avgjerder, og ei formalisering av rettslege prinsipp for naturforvaltning som omfattar føre-var-omsyn, omsyn til samla belastning, og at kostnadar ved miljøskade skal berast av tiltakshavaren. Lova er såleis viktig for alle instansar som forvaltar eller påverkar naturen, til dømes gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Av NML § 7 går det fram at: *"Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet [...] Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen."* Ei nærare vurdering av planen ut frå desse prinsippa vert gjeve under.

#### NML § 8 – Kunnskapsgrunnlaget

*"Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*

*Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet."*

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har Lindås kommune gått grundig gjennom eksisterande kunnskap som gjeld naturmangfaldet. Ein har brukt Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase, Artsdatabanken sitt Artskart, rapporten "Naturtypar i Lindås" utarbeidd av Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland i 2004 og kommunen si viltkartlegging (førebels materiale). I tillegg har den nasjonale raudlista (Artsdatabanken) vorte brukt i vurderingane. Denne kunnskapen har lege til grunn for konsekvensutgreiinga, og vurderingane som er gjort går fram av denne.

Det vert elles vist til KU-forskrifta, der det av § 9 første ledd går fram at:

*"Konsekvensutredningen skal være tilpasset plannivået og være relevant i forhold til de beslutninger som skal tas. Konsekvensutredningen skal ta utgangspunkt i foreliggende kunnskap og nødvendig oppdatering av denne. Der hvor slik kunnskap ikke foreligger om viktige forhold skal det i nødvendig grad innhentes ny kunnskap."* Lindås kommune vurderer at føreliggjande kunnskap gjev tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å fatte avgjersler på eit overordna plannivå for dei areal som er føreslegne tekne inn i planen.

#### NML § 9 – føre-var-prinsippet

*"Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak."*

Føre-var-prinsippet har lege til grunn for vurderingane som er gjort i samband med arealdelen av kommuneplanen. Av konsekvensutgreiinga går det fram at fleire område er tekne ut av planen av omsyn til naturmangfaldet. I nokre område har det ikkje vore tilstrekkeleg kunnskap til å avgjere dei endelege avgrensingane av areala. Det er difor teke inn ei føresegn til planen som sikrar at naturmangfaldet vert ivareteke i desse områda: *"Ved regulering av område N2, N3, N8 og N10 skal det gjerast ei kartlegging av naturmangfaldet som skal leggjast til grunn for utforminga av reguleringsplanen"*. Lindås kommune vil understreke at denne vurderinga byggjer på eksisterande kunnskapsgrunnlag, og at det ikkje er indikasjonar som tyder på at større delar av områda ikkje vil kunne byggjast ut.



NML § 10 – økosystemtilnærming og samla belastning

*”En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.”*

Det er viktig for ivaretaking av naturmangfaldet at ein ved planlegging unngår fragmentering av leveområde og ikkje legg opp til ei utbygging som skaper uheldig ekstrabelasting i område som før er sterkt belasta. Dette er teke omsyn til i planen, blant anna gjennom ein utbyggingsstruktur som støtter opp under eksisterande strukturar, slik at ein unngår ”punktering” av nye område. Det er i konsekvensutgreiinga for dei enkelte utbyggingsområda ikkje avdekkja at nokon av dei areala som er teke inn i planen vil medføre ei uakseptabel belastning på økosystema. Fylkesmannen i Hordaland har hatt motsegn til to område for akvakultur i Fensfjorden ut frå manglande kunnskap om samla belastning av økosystemet. Administrasjonen har tilrådd at desse to lokalitetane vert tekne ut av planen i påvente av meir kunnskap.

NML § 11 – kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

*”Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.”*

Dette er teke omsyn til ved at det i område der det er avdekkja naturverdiar, er stilt krav om ei kartlegging av naturmangfaldet i samband med reguleringsplan. Det vert såleis tiltakshavar og ikkje kommunen som vil bere kostnadene ved å kartleggje og ivareta naturmangfaldet.

NML § 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

*”For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.”*

Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det teke sikte på ei lokalisering av nye areal som sikrar ivaretaking av naturmangfaldet. Dette er dokumentert gjennom konsekvensutgreiinga. Omsynssonene for naturmangfald, som er teke inn i eit eige temakart til planen, skal bidra til at viktige økosystem og funksjonsområde vert sikra òg i framtida. Temakartet viser naturtypar av høg verdi (nasjonal og regional verdi), viktige trekkvegar (særleg hjort) og viktige leve-, raste- og hekkeområde (dette gjeld både funksjonsområde for mange artar og område med sårbare eller truga artar).

Konklusjon

I tillegg til å unngå utbygging i område der det er verdfulle naturtypar eller er registrert raudlista artar, er det viktigaste ein kan gjere for naturmangfaldet å la urørte område få vere skjerma mot utbygging også i framtida. Dette er sikra blant anna gjennom omsynssoner for naturmangfald. Når det gjeld ny arealbruk, er det i næringsområda det er avdekkja størst konsekvensar for naturmangfaldet. Dette heng saman med at desse område er store og at dei ligg i område utan store inngrep frå før, blant anna for å unngå samlokaliseringsproblem med andre interesser. Det er teke inn føresegner som skal sikre at naturmangfaldet vert tilstrekkeleg ivareteke ved regulering av desse områda. Ettersom det er valt ein utbyggingsstruktur som legg opp til bygging langs aksane E39 og FV57 og kring eksisterande senter (Ostereidet, Lindås, Knarvik/Alversund), vil få område som er urørt bli råka av nye, store inngrep. Samla sett vurderer vi difor konsekvensen for naturmangfald å vere låg.

Vurderinga over viser at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 har lege til grunn for planarbeidet. Dette er blant anna dokumentert gjennom vurderinga av ny arealbruk i konsekvensutgreiinga. Lindås kommune konkluderer etter dette med at prinsippa i NML er godt ivareteke i planen.

## 4.4 Område som er tekne inn i planen

På bakgrunn av silinga, dei utførte konsekvensutgreiingane, vurdering av merknader i samband med 1. og 2. gongs offentleg ettersyn og mekling, er følgjande område tekne inn i planen:

| Område-namn             | Innspelsnr. | Areal i m <sup>2</sup> /<br>einingar | Stad        | Arealføremål                    |
|-------------------------|-------------|--------------------------------------|-------------|---------------------------------|
|                         | -           | 2 hus                                | Eidsnes     | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | -           | 3 hus                                | Askeland    | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 209         | 2 hus                                | Bjørge      | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 197/279     | 1 hus                                | Eidatrædet  | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 62          | 3 hus                                | Vabø        | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 22          | 3 hus                                | Jordal      | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 156         | 1 hus                                | Fyllingen   | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 45/282      | 3 hus                                | Hundvin     | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 114/277     | 3 hus                                | Eikeland    | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | 126         | 3 hus                                | Høyland     | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | -           | 4 hus                                | Eikanger    | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
|                         | -           | 8 hus                                | Myking      | Spreidd bustadbygging (LNFb)    |
| SF1                     | -           | 2 hus                                | Nappane     | Spreidde fritidsbustader (LNFb) |
| <b>Sum nye einingar</b> |             | <b>38 hus</b>                        |             |                                 |
| B1                      | 3-5         | 3878                                 | Veland      | Bustader                        |
| B2                      | 194         | 13602                                | Ostereidet  | Bustader                        |
| B3                      | 196         | 1938                                 | Ostereidet  | Bustader                        |
| B4                      | 193         | 3937                                 | Ostereidet  | Bustader                        |
| B5                      | 190         | 3625                                 | Ostereidet  | Bustader                        |
| B6                      | 238         | 8126                                 | Ostereidet  | Bustader                        |
| B7                      | K4          | 3781                                 | Ostereidet  | Bustader                        |
| B8                      | 270         | 11615                                | Eikangerlid | Bustader                        |
| B9                      | 163/165     | 28134                                | Eikanger    | Bustader                        |
| B10                     | 168         | 6744                                 | Eikanger    | Bustader                        |
| B11                     | K5          | 1809                                 | Fyllingsnes | Bustader                        |
| B12                     | 152/161     | 11749                                | Hjelmås     | Bustader                        |
| B13                     | K1          | 6131                                 | Piparvatnet | Bustader                        |
| B14                     | K6          | 593                                  | Leknes      | Bustader                        |
| B15                     | 17-1        | 4199                                 | Fammestad   | Bustader                        |
| B17                     | 67          | 15340                                | Vabø        | Bustader                        |
| B18                     | 71          | 3448                                 | Fanebust    | Bustader                        |
| B19                     | 71          | 3692                                 | Fanebust    | Bustader                        |
| B20                     | K2          | 33678                                | Lindås      | Bustader                        |
| B21                     | K3          | 111524                               | Lindås      | Bustader                        |
| B22                     | 241         | 1971                                 | Seim        | Bustader                        |
| B23                     | 121         | 4880                                 | Seim        | Bustader                        |
| B24                     | 122         | 5469                                 | Seim        | Bustader                        |
| B25                     | 53          | 2009                                 | Festo       | Bustader                        |
| B26                     | 55          | 16489                                | Festo       | Bustader                        |
| B27                     | 50/52       | 23121                                | Myksvoll    | Bustader                        |
| B28                     | 101         | 5280                                 | Indre Fosse | Bustader                        |
| B29                     | 100         | 3414                                 | Indre Fosse | Bustader                        |
| B30                     | 95/97       | 28602                                | Kvamme      | Bustader                        |
| B31                     | 279         | 2000                                 | Ostereidet  | Bustader                        |
| B32                     | 206, 276    | 21700                                | Eknes       | Bustader                        |
| B33                     |             | 4007                                 | Eikanger    | Bustader                        |
| B34                     |             | 2966                                 | Leiknes     | Bustader                        |
| B35                     |             | 2187                                 | Leiknes     | Bustader                        |
| B36                     |             | 1112                                 | Leiknes     | Bustader                        |

|                              |         |                  |                  |                                  |
|------------------------------|---------|------------------|------------------|----------------------------------|
| B37                          |         | 3980             | Sellevoll        | Bustader                         |
| B38                          |         | 14138            | Monstad          | Bustader                         |
| B41                          |         | 6576             | Fammestad        | Bustader                         |
| B42                          |         | 8803             | Nappane          | Bustader                         |
| B43                          |         | 840              | Leiknes          | Bustader                         |
| B44                          |         | 878              | Leiknes          | Bustader                         |
| B45                          |         | 950              | Leiknes          | Bustader                         |
| B46                          |         | 1161             | Leiknes          | Bustader                         |
| <b>Sum nytt bustadareal</b>  |         | <b>440 076</b>   |                  |                                  |
| N1                           | 3-6     | 553              | Hosøyna          | Næringsverksemd                  |
| N2                           | 245     | 287941           | Eikanger         | Næringsverksemd                  |
| N3                           | 218/249 | 142046           | Eidsnes          | Næringsverksemd                  |
| N4                           | 176     | 3811             | Fyllingsnes      | Næringsverksemd                  |
| N5                           | 172     | 107514           | Sauvågen         | Næringsverksemd                  |
| N6                           | 280     | 16983            | Hillesvåg        | Næringsverksemd                  |
| N7                           | 43      | 2228             | Hodneland        | Næringsverksemd                  |
| S12     | Kløve (sjø)  | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S13     | Myking       | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S14     | Sævråsvåg    | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S15     | Vabø         | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S16     | Vabø         | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S17     | Fanebust     | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S3K4                     | S1K4                       |
| S18     | Lauvås       | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S2K4                     | S1K4                       |
| S19     | Rossnes      | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S20     | Nesse        | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S21     | Feste        | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K3                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S22     | Nappane      | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K3                  | S2K4                     | S1K4                       |
| S23     | Skardsvågen  | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S24     | Øvrås        | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| S25     | Eidsnes      | Småbåthamn     | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |

| Omr. nr | Stad           | Arealføremål         | UH-1<br>Stormflo | UH-2<br>Ekstrem<br>nedbør | UH-3<br>Skred | UH-4<br>Flaum | UH-5<br>Sterk<br>vind | UH-6<br>Trafikk-<br>fare | UH-7<br>Utrykk-<br>ingstid |
|---------|----------------|----------------------|------------------|---------------------------|---------------|---------------|-----------------------|--------------------------|----------------------------|
| S26     | Kjevikdalen    | Småbåthamn           | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K3                  | S2K4                     | S1K4                       |
| S27     | Vabø           | Småbåthamn           | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN1     | Myksvoll       | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN8     | Fanebust N     | Byggeomr. Naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| AN9     | Hindenes Ø     | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN10    | Veland         | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN11    | Toft           | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S2K2          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN12    | Nesse          | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN15    | Nesbø          | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| AN17    | Lauvås         | Byggeomr. naust      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| #1      | Sauvågen (1)   | Spreidd naust        | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| #2      | Kvamsvåg (1)   | Spreidd naust        | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| #4      | Seim Ø (0)     | Spreidd naust        | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| #5      | Fammestad (1)  | Spreidd naust        | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| #19     | Dyrkolbotn (1) | Spreidd naust        | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| #20     | Hodneland (2)  | Spreidd naust        | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| H1      | Hageneset      | Fritidsbustader      | S1K1             | S4K1                      | S2K3          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| H2      | Fammestad      | Fritidsbustader      | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| H3      | Sundsbø        | Fritidsbustader      | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| H4      | Festevågen     | Fritidsbustader      | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| SF1     | Nappane        | Spreidd fritidsb.    | S1K1             | S4K1                      | S2K2          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| SN1     | Dyrkolbotn     | Spreidd næring       | S1K1             | S4K1                      | S2K4          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S2K4                       |
| SN2     | Spurkeland     | Spreidd næring       | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| SN3     | Spurkeland     | Spreidd næring       | S1K1             | S4K1                      | S2K2          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| G1      | Lindås         | Grønstruktur         | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| G2      | Lindås         | Grønstruktur         | S1K1             | S4K2                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| G3      | Lindås         | Grønstruktur         | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S3K3                     | S1K4                       |
| G4      | Seim           | Grønstruktur         | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A1      | Dyrkolbotn     | Friområde            | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A2      | Dyrkolbotn     | Avløpsanlegg         | S1K1             | S4K1                      | S2K2          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S2K3                       |
| A3      | Dyrkolbotn     | Turveg               | S1K1             | S4K1                      | S2K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A4      | Eikefet        | Råstoffutvinning     | S1K1             | S4K2                      | S2K3          | S4K3          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| A5      | Hjelmås        | Bygdedyrreservat     | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A6      | Fanebust       | Fritids- og turistf. | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| A7      | Lindås         | Sentrumsføremål      | S1K1             | S4K4                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S3K3                     | S1K4                       |
| A8      | Lindås         | Ny veg               | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| A9      | Lindås-Lauvås  | Gang-/sykkelveg      | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A10     | Nesfossen      | Akvakultur (land)    | S3K2             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A11     | Seim           | Bustad/forretning    | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| A12     | Seim           | Gang-/sykkelveg      | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| A13     | Ostereidet     | Trafostasjon         | S1K1             | S4K1                      | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| F1      | Romarheim      | Badeområde           | S3K1             | S4K1                      | S2K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F2      | Rødland        | Badeområde           | S3K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F3      | Askeland       | Badeområde           | S3K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F4      | Kvammo         | Badeområde           | S3K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| F5      | Hindenes       | Badeområde           | S3K1             | S4K1                      | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |



| Omr. nr | Stad         | Arealføremål                 | UH-1<br>Stormflo | UH-2<br>Ekstrem-<br>nedbør | UH-3<br>Skred | UH-4<br>Flaum | UH-5<br>Sterk<br>vind | UH-6<br>Trafikk-<br>fare | UH-7<br>Utrykk-<br>ingstid |
|---------|--------------|------------------------------|------------------|----------------------------|---------------|---------------|-----------------------|--------------------------|----------------------------|
| F6      | Hillesvåg    | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S2K3                     | S1K4                       |
| F7      | Myking       | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F8      | Myking       | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F9      | Myking       | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F10     | Vabø         | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F11     | Fanebust     | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F12     | Nautevågen   | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F13     | Myksvoll     | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F14     | Ytre Fosse   | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| F15     | Trossavatnet | Badeområde                   | S3K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| P1      | Ostereidet   | Parkering                    | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| P2      | Fyllingsnes  | Parkering                    | S1K1             | S4K2                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| P3      | Sauvågen     | Parkering                    | S1K1             | S4K2                       | S2K3          | S4K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
| P4      | Hjelmås      | Parkering                    | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| P5      | Hopsdal      | Parkering                    | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| P6      | Skodvin      | Parkering                    | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| P7      | Eidsnes      | Parkering                    | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| P8      | Stranda      | Parkering                    | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| K1      | Eikanger     | Hamn – kai                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| K2      | Leiknes      | Hamn – kai                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| K3      | Sævråsvåg    | Hamn – kai                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| K4      | Fanebust     | Hamn – kai                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| K5      | Festo        | Hamn – kai                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| K6      | Myksvoll     | Hamn – kai                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| I1      | Ostereidet   | Idrettsanlegg                | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| I2      | Hopsdal      | Idrettsanlegg                | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
| I3      | Kjevikdalen  | Idrettsanlegg                | S1K1             | S4K2                       | S1K1          | S1K1          | S4K1                  | S2K4                     | S1K4                       |
|         | Dyrkolbotn   | Tilkomstveg<br>(ny gardsveg) | S1K1             | S4K1                       | S2K3          | S1K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
|         | Dyrkolbotn   | Tilkomstveg<br>(flytting)    | S1K1             | S4K1                       | S2K3          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
|         | Stranda      | Tursti                       | S1K1             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K1                  | S1K4                     | S1K4                       |
|         | Langøy       | Akvakultur                   | S3K2             | S4K1                       | S1K1          | S4K1          | S4K2                  | S1K4                     | S1K4                       |

Ved særskilt gjennomgang av foreslått ny arealbruk i kommuneplanens arealdel, ser vi at enkelte område kjem i raud sone når det gjeld ekstremnedbør, flaum, sterk vind og trafikkfare. Dei fleste områda kjem likevel i gul eller grøn sone for desse risikofaktorane. Det vert tilrådd at dette vert følgd opp gjennom føresegner, som sikrar at dette vert grundigare vurdert i samband med reguleringsplan/byggjesak og med eventuelle avbøtande tiltak. For område som er utsette ved ekstremnedbør, må det gå fram av føresegnene at tilstrekkeleg handtering av overvatn skal sikrast gjennom reguleringsplan. To område er utsett for flaum, her må det gå fram at førebygging mot flaum skal vera del av reguleringsplanarbeidet. Når det gjeld trafikktryggleik må det i føresegnene leggest inn rekkefølgjekrav til utbetring av vegar og bygging av gang-/sykkelvegar i utsette område.

Risikoen knytt til områda som kjem i gul sone gjeld stormflo/høg vasstand, skred og utrykkingstid. Her skal tiltak som kan redusere risiko vurderast. For naustområde og båthamner bør føresegner sikre at det vert teke omsyn til høg vasstand ved planlegging og utbygging av område. For skred bør føresegnene sikre at risikoen vert nærare vurdert i samband med plan

eller byggjesak og at eventuelle naudsynte førebyggjande tiltak vert gjennomført i samband med utbygging. Områda på Ostereidet og lenger inne i kommunen ligg i gul sone når det gjeld utrykkingstid for brannvesen. Det bør vurderast å etablere ei framskutt eining på Ostereidet for å redusere risikoen, noko som eventuelt må følgjast opp gjennom brannordninga.

## 5 PLANOMTALE

Planomtalen skal vere retningsgjevande for vidare utbygging i kommunen. Dette kapittelet omhandlar utvalde tema og nye arealføremål i arealdelen av kommuneplanen.

### 5.1 Konvertering av arealføremål etter ny plan- og bygningslov

Ny plan- og bygningslov (pbl) har ved denne rulleringa medført konvertering av eksisterande arealføremål etter gamal pbl til arealføremål etter ny pbl.

Når det gjeld innløyste friluftsområde (som er tilrettelagt), er desse vist som bandlagt etter lov om friluftsliv i gjeldande plan (2003-2014). Ved konvertering har me valt å vise dei som eksisterande friområde, då dette er i samsvar med den faktiske bruken av områda.

Når det gjeld næringsareal, har definisjonen av arealføremålet næringsverksemd endra seg. Etter ny lov omfattar den kontor, hotell/overnatting, bevertning, industri, lager, bensinstasjon/vegserviceanlegg og anna næring. Etter tidlegare lov, var også forretningar og kjøpesenter inkludert. Dette er no eigne arealføremål. I tillegg har me fått arealføremålet sentrumsføremål. Dette medfører ei utilsikta endring av kva verksemd det er opna for i nokre område. På grunn av dette har vi valt å vise Ostereidet og Lindås senter som sentrumsføremål i staden for næringsverksemd. Sentrumsføremål opnar for forretningsverksemd, slik det er ønskje om i desse områda.

### 5.2 Bygningar og anlegg

#### 5.2.1 Bustadområde

Dette kapitlet gjeld areal sett av til bustadføremål etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Utbyggingsstrategien for bustader er fastsett gjennom planprogram og *arbeidsmåla* i kap.4.2. Tabellane frå bustadbyggjeprogrammet i kap 3.2.4 viser at det er restkapasitet når det gjeld bustader i reguleringsplanar, som er vedtekne eller i prosess. Gjennom siling av innkomne forslag til nye bustadområde har ein difor vore restriktiv i denne kommuneplanen. Innspel om utbygging som medfører nye "satellittar" er konsekvent valt bort. Arbeidsmålet om at *større bustadområde skal lokaliserast langs aksane E 39 og RV 57, slik at dei styrker eksisterande senter (Ostereidet, Lindås og Knarvik/Alversund)* har vore førande. Særskild har ein i planarbeidet valt å prioritere innspel som styrker Lindås som senter, og det er difor sett av høvesvis mykje nytt bustadareal der.

Det er i ny arealdel av kommuneplan for Lindås kommune lagt inn totalt kring 440 dekar til bustadområde (ein del av arealet er bygd på frå før eller er endra frå fritidsbusetnad til busetnad). I samsvar med målsetjingane om å styrke eksisterande senter, er ca. 145 dekar av dette arealet på Lindås i nær tilknytning til senteret og eksisterande busetnad. Lagt til grunn ein tomtestorleik på gjennomsnittleg 750 m<sup>2</sup> per bueining, vil dette totalt gje ca. 610 nye bueiningar i planområdet. Då tek ein med areal som vil verta regulert til grønstruktur, vegareal og andre tilhøyrande funksjonar i byggjeområda. Når ein legg befolkningsprognosane til grunn (det er venta ein befolkningsauke på ca. 3000 fram til 2022), og ein veit at ein del av områda som er sett av til bustadføremål i eksisterande arealdel neppe vert aktuelle å realisere, meiner vi dette samsvarer godt med behovet.

Det har i denne rulleringa ikkje vore aktuelt å ta ut eldre byggjeområde frå plankartet, sjølv om dei ikkje er bygd i og neppe vil la seg realisere. Dette heng saman med at dette ikkje er skissert i planprogrammet, og ein ønskjer ein skikkeleg prosess rundt dette, med betre moglegheiter for

medverknad frå dei det gjeld. Gjennomgang av desse områda vil truleg verte tema ved neste rullering av planen.

### **5.2.2 Fritidsbusetnad**

Dette kapitlet gjeld areal sett av til fritidsbusetnad etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Det har vore eit mål at areal for nye fritidsbustader skal lokaliserast i utkantane av kommunen, og som utviding av eksisterande eller planlagde hyttefelt. Der forslag til nye hyttefelt har kome i konflikt med andre viktige samfunnsinteresser, har vi vore forsiktige med å setje av areal til dette føremålet.

Lindås kommune har svært mange hytter frå før, og er ein av dei store hyttekommunane i fylket. Det er først og fremst den lange strandsona og den attraktive skjergarden som har gjort kommunen interessant for hytter, og dette har medført at mykje av den mest tilgjengelege strandsona er privatisert. Ein god befolkningsauke og generell vekst i kommunen, medfører også at mange fritidsbustader er ønska omdisponert til bustader og det er fleire stader konflikt mellom bustad- og fritidsbustadinteresser. Dette er bakgrunnen for at vi har valt å vere restriktive med å setje av nytt areal for fritidsbusetnad. Til saman er 41 dekar vert sett av til fritidsbusetnad, men noko av dette arealet omfattar eksisterande hyttetomter og som allereie er bygd på.

### **5.2.3 Sentrumsføremål**

Dette kapitlet gjeld areal sett av til sentrumsføremål etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Eit areal på ca. 43 dekar på Lindås er sett av til sentrumsføremål. Dette er ein arealbrukskategori der alle byggje- og anleggstiltak i utgangspunktet er tillete, med mindre anna går fram av føresegnene. I føresegnene står det at det ikkje er tillete med industri eller lager i området. Ei nærare avklaring av arealbruken vil verte gjort i områderegulering, som det er stilt krav om i føresegnene.

### **5.2.4 Offentleg og privat tenesteyting**

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til offentleg og privat tenesteyting etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Det følgjer av ny plan- og bygningslov at det må gå fram av føresegnene om eit areal skal vere offentleg eller privat, og dette vil difor ikkje gå fram av arealføremålet åleine.

Det er sett av areal til utviding av skulane på Ostereidet, Eikanger, Myking og Seim. Areal for utviding av Lindås barneskule inngår i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Det er òg sett av areal til utviding av Ostertunet og Lindås bu- og servicesenter. Eksisterande barnehage på Ostereidet og regulert barnehage på Seim er òg tekne inn i planen. Til saman er 128 dekar sett av til offentleg eller privat tenesteyting. Alt arealet ligg i tilknytning til areal som frå før er i bruk til same føremål.

### **5.2.5 Fritids- og turistføremål**

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til fritids- og turistføremål etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Det er sett av eit areal til fritids- og turistføremål på Fanebust på ca. 4 dekar. Det er òg sett av to LNF-område der spreidde næringsbygningar er tillate, sjå under LNF-område.

### **5.2.6 Område for råstoffutvinning**

Dette kapitlet gjeld areal sett av til råstoffutvinning etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Eksisterande område for råstoffutvinning på Eikefet er utvida med vel 500 dekar. Dette området ligg innafor eksisterande reguleringsplan, men det er ikkje opna for uttak i desse områda. Det har vore viktig å få avklart rammene for utviding av anlegget på overordna plannivå, slik at reguleringsplanen kan drøfta dette nærare.

### **5.2.7 Næringsverksemd**

Dette kapitlet gjeld areal sett av til næringsverksemd etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Som nemnt har det vore eit mål å få på plass nye næringsområde langs E39 og FV57. Ein har søkt å finna område som er av ein viss storleik og som gjerne har utvidingspotensiale. Det har vore lagt vekt på å unngå uønska konsekvensar, men det er blitt klart i planprosessen at det er svært vanskeleg å finne areal som utan konflikt med andre interesser, og som samstundes har dei kvalitetane som er etterspurd. Som det går fram av konsekvensutgreiinga, er det i nokre tilfelle konkludert med at noko konflikt må akseptast, og i enkelte andre tilfelle at det må gjerast nærare undersøkingar av områda i samband med reguleringa, slik at ein kan gjere naudsynte justeringar for å unngå uønska konflikhtar.

I arbeidet med planen har det vore viktig å finne nye næringsareal langs E39 og FV57, slik at ny næringsverksemd kan trekkast til kommunen. Det er stort behov for næringsareal i Bergensregionen, og det er difor lagt ut vel 1000 dekar til næringsføre mål. Dei største areala er Eikanger, Eidsnes, Åse og Kjevikdalen. Eidsnes er teke med blant anna fordi her er tilgang på djupvasskai.

### **5.2.8 Idrettsanlegg**

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til idrettsanlegg etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Det er teke inn to nye idrettsanlegg i planen. Det eine er eksisterande lysløype på Hopsdal, der det også er lagt inn utvida parkering. Det har vore vurdert som viktig å få sikra rammene for dette anlegget, som er svært mykje i bruk i snørike vintrar.

Det er teke inn eit motorsportanlegg i Kjevikdalen. Dette ligg inntil eksisterande skytebane og framtidig industriområde. Dette er ei samlokalisering som vert rekna som gunstig. Det vil vere svært få bustader som vil verte utsette for støy med eit anlegg her, og slik sett er lokaliseringa god. I tillegg er området lett tilgjengeleg langs FV57.

### **5.2.9 Kombinerte føremål**

Dette kapitlet gjeld areal sett av til kombinerte føremål etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Det er sett av eit mindre areal til kombinert føremål næring/bustad på Seim. Området er frå før i slik bruk.

### **5.2.10 Andre typar bygningar og anlegg**

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til andre typar bygningar og anlegg etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

*Avløpsanlegg og transformatorstasjon*

I Dyrkolbotn er det sett av eit mindre areal til avløpsanlegg for Dyrkolbotn fjellstove. På Ostereidet er det sett av eit areal på 5,5 dekar for ny transformatorstasjon. Dette er gjort i dialog med BKK som netteigar. Etter opplysingar frå BKK er det behov for oppgradering av nettet i Ostereidet-området.

*Naust*

Byggjeområde for naust med krav om reguleringsplan, høyrer òg heime i denne kategorien. Desse områda er merka AN i plankartet. Det er ønskjeleg at behovet for naust først og fremst vert dekkja i samband med småbåthamnene. Det er likevel sett av nokre nye areal til naust, då først og fremst som utviding av eksisterande område. Det er sett av til saman 11 nye slike naustområde, på til saman vel 21 dekar. I tillegg er 6 naustområde frå førre kommuneplan vidareført i denne kategorien. Føresegnene fastset rammer for utforminga av naust.

**5.2.11 Grav- og urnelund**

Dette kapitlet gjeld areal sett av til grav- og urnelund etter plan- og bygningslova § 11-7 nr.1.

Det er ikkje sett av nye areal til grav- og urnelund i denne planen. Arealføremålet omfattar difor berre eksisterande areal.

**5.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

Dette kapitlet gjeld areal som er avsett til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i medhald av plan- og bygningslova § 11-7 nr. 2.

*Hovudveg*

Det er sett av areal for ny sambandsveg på Lindås som avlastingsveg for Lindåsbrekka. Vegen er lagt inn i to alternativ, der det eine går utanom dyrka mark. Vegen er av stor tyding for trafikktryggleiken i området. Det er teke inn rekkefølgekrav i føresegnene, som sikrar at vegen vert bygd før ny bustadbygging i området.

*Hamn/kai*

Det vert teke inn areal for kai på Leknes, Fanebust, Festo, Myksvoll, Eikanger og Sævråsvåg. Alle desse er i bruk frå før, og representerer difor ikkje ny arealbruk.

*Parkering*

Det er sett av nye areal til parkering på Fyllingsnes (lastebilparkering ved bensinstasjon), Sauvågen (lastebil- og bubilparkering), Hjelmås (nær kyrkja), Hopsdal (lysløypa), Skodvin (ved skulen/idrettsanlegget) og på Ostereidet (eksisterande parkering ved barnehagen/kyrkja).

*Gang- og sykkelveg*

Det er teke inn gang- og sykkelveg mellom Lindås og Mongstad og på Seim (frå skulen og eit stykke nordover). Det er teke inn rekkefølgekrav for gang- og sykkelveg på Seim, Ostereidet og Lindås, som sikrar at dei vert bygd før nye bustader vert tilletne i området.

*Lokalturveg*

Det er sett av ein turveg på vestsida av vatnet i Dyrkolbotn, som skal kunne tilretteleggast for bruk av hestar og rullestolar (gruslagd turveg). Det går ein sti i området frå før. Også på Stranda er det teke inn ein tursti, som skal utarbeidast som gruslagd veg og knytast saman med tidlegare etablert sti.

*Gardsveg*

I Dyrkolbotn er det teke inn ein ny gardsveg. Dette er gjort av omsyn til tryggleiken mot skred, då dagens veg er rasfarleg. Den nye vegen er planlagd på vestsida av vatnet.

## 5.4 Grønstruktur

Føremålet gjeld areal avsett til grønstruktur i medhald av plan- og bygningslova § 11-7 nr. 3.

### *Friområde*

For denne kommuneplanen er eksisterande friluftsområde som Vollom og Fisketangen avsett til friområde (jf. grunngeving i kap. 5.1). Det er sett av eit areal til framtidig friområde i Dyrkolbotn, som skal sikre det mest brukte arealet ved Botnavatnet.

### *Grønstruktur*

Det er sett av areal til grønstruktur på Lindås og Seim. Området på Seim er ein markert høgde som ligg ubyggd blant stort sett bygde område, og vil blant anna kunna brukast til uorganisert leik. På Lindås er det sett av eit større og eit mindre område i tilknytning til nye byggeområde, og som skal inngå i områderegulering. Det er òg sett av eit areal ved gravplassen (tidlegare næringsareal) som ikkje har krav om områderegulering.

## 5.5 Landbruks-, natur- og friluftsområde

### 5.5.1 Område for spreidd bygging (LNFb)

Føremålet gjeld spreidd bygging med tilhøyrande teknisk anlegg etter plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 punkt b).

LNF-områda vert i hovudsak oppretthalde som i gjeldande kommuneplan. Nødvendige tiltak for landbruk er tillate. Noko areal går over frå LNF med opning for spreidd busetnad til rein LNF. Dette heng saman med at fleire LNF-område med opning for spreidd busetnad har fått endra avgrensing, ved at dei er trekt ut av strandsona og bort frå dyrka mark, der det uansett ikkje ville ha vore tillete å byggje ut frå føresegnene.

### *Ny bustadbygging*

Det er lagt ut 6 nye område for spreidd busetnad; Eidatrædet, Vabø, Jordal, Eikeland, Høyland og Mykiing. I tillegg er det opna for nye bustader i 5 område; Eikanger, Askeland, Bjørge, Fyllingen og Hundvin. Til saman er det opna for 36 nye bustader i desse områda. I tillegg vert alle eksisterande område vidareført, slik at det skal vere lov til tilbygg og liknande utan dispensasjon. I ein del av områda vert det ikkje opna for nye bueiningar. I områda Erstad, Fosse og Eknes har utbygginga no blitt så stor at det ikkje er ønskeleg med meir spreidd busetnad. I området Fyllingen nord, er utfordringane knytt til trafikktryggleik og kulturlandskap for store til at det er ønskeleg med fleire hus. Samla vert det opna for 61 bustadeiningar i område for spreidd busetnad. Dette skal vere med på å oppretthalde busetnaden i desse bygdene. Føresegnene sikrar at ei slik utbygging ikkje skal gå utover landbruksdrifta i områda.

### *Ny næringsverksemd*

I Dyrkolbotn og på Spurkeland vert det lagt ut område for spreidd næringsverksemd. Dette dreier seg om areal kring verksemdar som allereie er etablert, og som er av stor tyding for grendene dei er lokalisert i. Det er difor viktig å sikre desse verksemdene fleksible nok rammer til at dei kan utvikle drifta i åra som kjem. Begge stadene vil det verte tillate med overnatting og servering. Føresegnene fastset kor mange bygningar og kor stort areal som kan byggjast ut, slik at behovet for styring av verksemdene skal vere ivareteke. Dette er naudsynt, då det ikkje er krav om reguleringsplan.

### *Nye fritidsbustader*

På Nappane vert det lagt ut eit mindre område til spreidde fritidsbustader. Det vert opna for to einingar i planperioden.

### *Ny naustbygging*

Det vert opna for 6 nye naust som spreidd utbygging, fordelt på 6 område. Dette gjeld naustområde utan krav om reguleringsplan, og områda er vist som LNF med ei stipla line rundt arealet der naust kan plasserast. I tillegg er 13 naustområde frå førre kommuneplan vidareført i denne kategorien, med opning for til saman 21 nye naust. I nokre av områda er det ikkje opna for nye naust, då dei allereie er ferdig utbygd. I desse områda vert det gjennom føresegnene likevel opna for at eldre naust kan erstattast av nye, dersom det er behov for det. Føresegnene fastset rammer for utforminga av naust.

## **5.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone**

Føremålet gjeld bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, etter plan- og bygningslova § 11-7 nr. 6.

Dette er ein samlekategori for alle arealføremål som inkluderer bruk av sjøareala. Småbåtanlegg, badeområde og akvakulturanlegg høyrer difor heime i denne kategorien. Det same gjeld hovud- og bileier, låssetjingsplassar, gyteplassar m.m.

Det meste av sjøområdet er sett av til bruk og vern sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Dette er eit hovudføremål som omfattar mange delføremål. Av føresegnene går det fram at område skal nyttast til ferdsel, fiske, natur- og friluftsliv.

### **5.6.1 Småbåtanlegg**

Det har vore eit mål for planarbeidet å gje befolkninga eit betre tilbod av småbåthamner, då det er stor etterspurnad etter båtplassar i kommunen. Bruk av sjøen er ein populær fritidsaktivitet både for fastbuande og hyttefolk. Til saman er det føreslått sett av eit areal på 183 dekar (inkluderer både arealet i sjø og på land) til småbåtanlegg, fordelt på 25 lokalitetar. Ein del av dette arealet omfattar allereie etablerte anlegg, slik at talet på nye båtplassar er noko lågare enn det først kan sjå ut til.

Dei nye småbåtanlegga er lokalisert i områda Romarheim, Vikanes, Bjørsvik, Stranda, Åsgard/Hindenes, Eidsnes, Eknes, Hillesvåg, Kløve, Myking, Vabø, Fanebust, Lauvås/Rossnes, Nesse, Feste, Skardsvågen og i Kjevikdalen. Det er slik ei god fordeling rundt i kommunen. Det er krav om reguleringsplan for alle småbåthamnene, med unntak av Romarheim, Vikanes og Øvrås.

### **5.6.2 Friluftsområde – badeområde**

Det har vore eit ønske om å få sikra dei mest brukte badeområda i kommunen, slik at presset for utbygging og arealkonfliktane blir dempa. Det er difor sett av 81 dekar til badeområde (både sjø- og landareal). Det er verd å merke seg at sjølv om eit område vert sett av til friluftsområde – badeplass, seier ikkje dette noko om kven som eig eller skal eige området. Det er teke inn 14 nye badeområde i arealdelen, og alle desse er område som er svært eigna eller som frå før er i bruk til føremålet. To område, Nautevågen og Vabø, er òg blitt tilrettelagd med parkering. Badeområdet i Nautevågen er tilrettelagd for universell utforming av Bergen og omland friluftsråd.

Natur- og friluftsområde frå førre kommuneplan er vidareført. Det er teke inn eitt nytt friluftsområde, dette gjeld Fossebygga på Ytre Fosse, etter innspel frå privatpersonar.



### 5.6.3 Akvakultur og fiske

Dei fleste av eksisterande område for akvakultur er vidareført frå eksisterande plan. Det er gjort justeringar av enkelte av anlegga, slik at dei samsvarer med den verkelege plasseringa, noko som er gjort ved hjelp av ortofoto frå 2009 og informasjon om gjevne konsesjonar frå fiskeridirektoratet sine nettsider. På strekninga Padøy – Romarheim er det i eksisterande plan 7 område for oppdrett av skaldyr, i tillegg til ein ved Mundalsberget. Det vert sett som uheldig at det ikkje vert rydda opp etter at drifta av slike anlegg har teke slutt, og ein ønskjer i utgangspunktet ikkje at næringa vert teken opp igjen i dette fjordområdet, som er av stor verdi for turisme, landskap og friluftsliv. Område med konsesjon er likevel vidareført etter dialog med Hordaland fylkeskommune.

Følgjande endringar vert gjort når det gjeld akvakultur:

1. Lokalitetane vert justert i samsvar med gjeldande konsesjonar. Dei lokalitetane som ikkje har konsesjon, vert anten tekne ut av planen eller vert liggjande uendra.
2. Alle lokalitetar for skjelloppdrett som ikkje har konsesjon, vert tekne ut av planen. 3 lokalitetar ved Padøy og 2 lokalitetar ved Hosøy vert vidareført. Den eine lokaliteten ved Padøy vert utvida til heile området det er gitt konsesjon for.
3. Lokalitetane i Osterfjorden vert vidareført utan endringar, med unntak av lokaliteten utanfor Askvik, som utgår. Lokaliteten ved Bjørsvik, som ikkje har konsesjon, vert vidareført med tanke på lukka anlegg og FOU-anlegg.
4. Dei 3 lokalitetane i Austfjorden, som var i bruk til "makrelloppdrett", vert tekne ut av planen, då dette er ein type drift som ikkje er aktuell lenger. Lokaliteten nær Nesbø vert justert slik at området det er gitt konsesjon for vert lagt til det eksisterande arealet. Det vil då vera rimeleg plass for modernisering av anlegget.
5. Dei to lokalitetane som er i drift i Hindenesfjorden vert vidareført og justert i høve til konsesjon med ein liten buffer for moderne, meir plasskrevjande anlegg. Dei to lokalitetane utan konsesjon utgår, då konfliktnivået frå før er stort i denne fjorden.
6. Lokaliteten nord for Asgard vert flytta og justert i høve til gitt konsesjon. Dette medfører at arealet vert større.
7. Lokaliteten i Radfjorden vert liggjande uendra.
8. Lokaliteten ved Skardsvågen i Radsundet har ikkje konsesjon og vert teken ut av planen, då det ikkje er ønskeleg med oppdrett i den indre farleia.
9. Ved Likulten nordaust for Myking ligg ein lokalitet utan konsesjon. Denne vert vidareført med tanke på lukka anlegg og FOU-anlegg.
10. Lokaliteten ved Hodnali vert justert i høve til gitt konsesjon. Arealet får då ein storleik som gjer det mogleg med modernisering av anlegget. Det vert av omsyn til gyteplassen utanfor ikkje lagt opp til ytterlegare utviding av arealet med tanke på auke i biomasse.
11. Lokaliteten ved Langøy vert justert i høve til gitt konsesjon og med areal for framtidig utviding (auka biomasse og meir moderne og rømingssikkert anlegg).
12. Lokaliteten ved Ådnøy har ikkje konsesjon i dag, men vert vidareført frå tidlegare kommuneplan. Det vert berre opna for lukka anlegg og FOU-anlegg.
13. Eit godkjend område for akvakultur ved Nesfossen vert teke inn i plankartet. Delar av anlegget ligg inne frå før, og utviding som no blir teken inn er godkjend gjennom dispensasjon.

Det er på bakgrunn av drøftingar i styringsgruppa teke inn følgjande føresegn: *"I områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg."* Dette vert heimla i pbl § 11-11 nr. 3.

Trålfelt, låssetjingsplassar og gyteplassar er kontrollert mot Fiskeridirektoratet sin database. Gyteplassar vert liggjande uendra. Låssetjingsplassar vert revidert i samsvar med informasjon motteke i brev frå Fiskeridirektoratet datert 1.4.2011. Etter denne justeringa er det liten konflikt mellom attverande låssetjingsplassar og annan arealbruk.

Følgjande låssetjingsplassar utgår:

| Løpenr. | Navn             | Merknad   |
|---------|------------------|---|
| 9       | Hodnaviki        | Ansett som ubrukelig pga. båter og iler         |
| 11      | Fammestadvågen   | Liten nytteverdi, har ikke vært i bruk på lenge |
| 14      | Eidevågen        | Ødelagt av båter, iler og kloakkrør             |
| 20      | Skoraviki        | Ødelagt av steinfylling fra veg                 |
| 21      | Langeneset       | Ødelagt av steinfylling fra veg                 |
| 31      | Skardsvågen      | Ubrukelig på østre del av vik der er båthavn    |
| 34      | Hellesvågen nord | Låssetting jf avmerking på kart, resten utgår   |
| 35      | Hellesvågen sør  | Brukes ikke pga kommunalt kloakkrør             |
| 39      | Eikangervågen    | Brukes ikke pga. fredning (fiskevernsoner)      |

## 5.7 Omsynssoner med retningslinjer

I arealdelen av kommuneplanen er det no lagt inn omsynssoner for fleire tema i samsvar med plan- og bygningslova § 11-8. Dette er eit nytt verkemiddel i plan- og bygningslova for å vise omsyn og restriksjonar som har tyding for bruken av areal. Det kan knytast føresegnar til omsynssonene, med unntak av sone c, "sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø".

Når det gjeld sone c, er det teke inn omsynssone for landbruk (kjerneområde landbruk) basert på kartlegging utført av Fylkesmannen i samarbeid med kommunen sitt landbrukskontor. Det er teke inn omsynssoner for friluftsliv, basert på den regionale kartlegginga av friluftsområde og ei lokal prioritering av kva område som er viktigast. Fleire registrerte friluftsområde er ikkje tekne med, blant anna fordi dette vil gje inntrykk av at alle områda er av like stor verdi. For mange omsynssoner vil også gjere kartet lite leseleg.

### 5.7.1 Kjerneområde landbruk

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til sone med særlege omsyn til landbruk etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c.

Kjerneområde landbruk er kartlagt. Kjerneområda representerer dei mest verdifulle landbruksareala i Lindås, både med omsyn til dyrka mark og kulturlandskap. Kjerneområda er kartlagte ut frå:

- Større samanhengande jordbruksareal
- Driftsomfang (søknader om produksjonstilskot i jordbruket)
- Kulturlandskap

Areal som er omfatta av kjerneområde landbruk har fått omsynssone landbruk. Interesser knytt til tema landbruk skal ha særskilt vern innafor sona.

#### Omsynssone landbruk H510

| STAD       | INFORMASJON  | OMSYNSSONE |
|------------|--|------------|
| KOLÅS      | 660 dekar jordbruksareal. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Stort driftsomfang.                | oL1        |
| FANEBUST   | 1080 daa jordbruksareal. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Stort driftsomfang på 2 store bruk. | oL2        |
| FJELLANGER | 1000 daa jordbruksareal (+ 300 daa i kommunedelplan Lindåsosane). Kulturlandskap.                | oL3        |
| FJELLENDE  | 600 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark.   | oL4        |
| NATÅS      | 800 daa. Vesentleg kulturlandskap.   | oL5        |
| SKAUGE     | 1100 daa. Mykje myrjord. Aktiv drift og stort driftsomfang på 3 store bruk.                      | oL6        |
| MYKING     | 1350 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Mykje  | oL7        |

|                         |   |      |
|-------------------------|---|------|
|                         | kulturlandskap. Mest sauehald.  |      |
| DALSGREND               | 835 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark. For tida ikkje særleg intensiv drift.  | oL8  |
| FAMMESTAD - TVEITEGREND | 2700 daa gode jordbruksareal. Kulturlandskap, spesielt Tveito. 1 bruk med storfedrift og stort driftsromfang. Elles mindre einingar med sauehald.   | oL9  |
| SKODVIN                 | 1100 daa gode jordbruksareal.. Kulturlandskap. Halvt om halvt myrjord og fastmark. Storfe og sau.   | oL10 |
| HUNDEVIN                | 800 daa ( i denne planen). Vesentleg fastmark.  | oL11 |
| GRIMSTAD - VIK          | 1200 daa. Fastmark. Kulturlandskap, spesielt Grimstad. Vesentleg sauehald og litt storfehald.   | oL12 |
| LEIVESTAD               | 780 daa Myrjord.  | oL13 |
| TORSHEIM                | 570 daa. Vesentleg fastmark. Forholdsvis aktiv drift.   | oL14 |
| KÅLÅS                   | 425 daa. Halvt om halvt myrjord og fastmark.  | oL15 |
| HEGGERTVEIT - HEGGERNES | 580 daa. Mykje myrjord  | oL16 |
| EIKANGER - HØYLAND      | 2400 daa. God drift på store delar av området. Viktig som jordbruks- og kulturlandskap.   | oL17 |
| HJELMÅS - FYLLINGEN     | 640 daa. Stort sett kulturlandskap.   | oL18 |
| EIDSNES                 | 760 daa. Stort sett berre fastmark. Forholdsvis aktiv drift. Hovudsakleg sauehald.  | oL19 |
| EIDSHEIM                | 630 daa. Kulturlandskap. Halvt om halvt myrjord og fastmark.  | oL20 |
| BJØRGE                  | 350 daa. Stort sett fastmark. Kulturlandskap.   | oL21 |
| TOTLAND                 | 700 daa. Fastmark. Aktiv drift. Flott kulturlandskap.   | oL22 |
| OSTEREIDET              | 810 daa. Fastmark. Aktiv drift. Flott kulturlandskap.   | oL23 |
| STORSETH                | 240 daa. Kulturlandskap.  | oL24 |
| VELAND                  | 340 daa. Kulturlandskap.  | oL25 |
| DYRDAL                  | 310 daa. Kulturlandskap. Kjend for lokalmat.  | oL26 |
| ROMARHEIM               | 540 daa. Fastmark. Aktiv drift.   | oL27 |
| HODNESDAL               | 1000 daa. Fastmark.   | oL28 |
| HOPSDAL - MUNDAL        | 820 daa. Fastmark og spesielt kulturlandskap.   | oL29 |
| ÅSE – SEIM - NESSE      | 10 000 daa meir eller mindre samanhengande jordbruksareal. Det største i Lindås. Vesentleg fastmark. Mange aktive bruk. Utsett for utbyggingspress. | oL30 |
| ERSTAD - KVAMME         | 1000 daa kulturlandskap.  | oL31 |
| FOSSE - SELLEVOLL       | 1200 daa. Fastmark og kulturlandskap. Eit par relativt aktive bruk.   | oL32 |
| ELSÅS                   | 930 daa kulturlandskap.   | oL33 |
| LITLESKARE - MYKSVOLL   | 4700 daa. Fastmark. Kulturlandskap. For tida moderat drift av gardane.  | oL34 |
| FESTE                   | 1520 daa. Kulturlandskap. Vesentleg fastmark.   | oL35 |
| SYSLAK - KÅRDAL         | 1000 daa. Mykje myrjord. Kulturlandskap   | oL36 |

## 5.7.2 Friluftsliv

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til sone med særlege omsyn til friluftsliv etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c.

Sona omfattar område med store lokale eller regionale friluftslivsverdiar. Områda som er tekne med i desse omsynssonene er i hovudsak henta frå prosjektet *Område for friluftsliv – kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland* (fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune). Kartleggings- og verdsettingsarbeidet i prosjektet er basert på metodikk utvikla av direktoratet for naturforvaltning.

Det er teke med eit utval av A- (svært viktige), B- (viktige) og C-område (registrerte) utifrå lokal vektlegging, basert på faglege og politiske vurderingar. Friluftsliv skal ha eit særskilt vern innfor desse omsynssonene, og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og

gjennomføring av tiltak innfor områda. I Austefjella (oF1, oF2 og oF3) bør ingen tiltak tillatast over vernskoggrensa.

#### *Omsynssone friluftsliv H530*

| STAD                                     | OMSYNSSONE |
|--|------------|
| Dyrkolbotn                               | oF1        |
| Bruvoll-Storavatnet-Tveitavatnet         | oF10       |
| Kolåsfjellet                             | oF11       |
| Stusdalen-Kalvedalshytta                 | oF2        |
| Austlendingen-Husafjellet-Hemingsfjellet | oF3        |
| Hindenesfjorden nord                     | oF4        |
| Hindenesfjorden sør                      | oF5        |
| Hjelmåsvågen-Eikangervågen-Eknes         | oF6        |
| Gladihaug                                | oF7        |
| Isdal-Gjervik                            | oF8        |
| Fossavatna-Tveitavarden                  | oF9        |



*Utsikt frå Austlendingen - Regionalt viktig friluftsområde. Foto: J. Daling*

### **5.7.3 Naturmiljø**

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til sone for bevaring av naturmiljø etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c.

Omsynssone H560 vert vist som ei retningsline i temakartet. Direktoratet for naturforvaltning (DN) sine tilgjengelege registreringar på vilt og biologisk mangfald er lagt til grunn for omsynssone H560. I tillegg ligg MVA-rapport 5/2004; *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås* til grunn. Kulturlandskapstypen naturbeitemark er registrert av Geir Gaarder 03.10.2008. Kvaliteten på registreringane er noko varierende, og grunnlagsmaterialet må difor nyttast for å finne ut bl.a. kor sikker ei registrering er.

*Omsynssone naturmiljø H560*

| <b>INFORMASJON</b>                       | <b>OMSYNSSONE</b> |
|--|-------------------|
| Naturbeitemark, Bjørgo nord (A)          | oN02              |
| Rik edellauvskog, hagemark (A)           | oN09              |
| Rik edellauvskog, hagemark (A)           | oN05              |
| Rik edellauvskog, rasmark (A)            | oN12              |
| Lokalitet for brunburkne (A)             | oN13              |
| Lokalitet for brunburkne (A)             | oN14              |
| Rik edellauvskog (A)                     | oN15              |
| Rik edellauvskog (A)                     | oN12              |
| Rik edellauvskog (A)                     | oN16              |
| Gråor-heggeskog (A)                      | oN17              |
| Slåtteng (A)                             | oN01              |
| Rik edellauvskog, gamal edellauvskog (A) | oN18              |
| Rik edellauvskog (A)                     | oN19              |
| Naturbeitemark, Storset (B)              | oN10              |
| Naturbeitemark, Bjørgo sør (B)           | oN20              |
| Naturbeitemark, Dyrdal nordre (B)        | oN22              |
| Naturbeitemark, Ekkarhøyen, Hindenes (B) | oN23              |
| Naturbeitemark, Ekkarhøyen, Hindenes (B) | oN24              |
| Rike kulturlandskapssjøar (B)            | oN03              |
| Hagemark (B)                             | oN29              |
| Gamal edellauvskog (B)                   | oN30              |
| Gamal edellauvskog (B)                   | oN31              |
| Hagemark (B)                             | oN07              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN32              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN33              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN34              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN35              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN36              |
| Hagemark (B)                             | oN37              |
| Hagemark (B)                             | oN38              |
| Brakkvasspollar (B)                      | oN39              |
| Slåtteng, hagemark (B)                   | oN40              |
| Slåtteng, hagemark (B)                   | oN41              |
| Kalkrike strandberg (B)                  | oN42              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN43              |
| Rik edellauvskog (B)                     | oN44              |
| Gamal lauvskog (B)                       | oN45              |
| Kystfuruskog (B)                         | oN46              |
| Kystfuruskog (B)                         | oN47              |
| Beite-/yngleområde div                   | oN48              |
| Hekke-/rasteområde andefugler            | oN49              |
| Hekkeområde andefugler                   | oN50              |
| Hekkeområde måsefugler                   | oN51              |
| Rasteområde andefugler                   | oN52              |
| Rasteområde andefugler                   | oN53              |
| Rasteområde vannrikse                    | oN54              |
| Rasteområde vannrikse                    | oN55              |
| Storfugl                                 | oN56              |
| Storfugl                                 | oN57              |
| Storfugl                                 | oN58              |
| Storfugl                                 | oN59              |

|  |       |
|--|-------|
| Storfugl                                 | oN60  |
| Storfugl                                 | oN61  |
| Storfugl                                 | oN62  |
| Storfugl                                 | oN63  |
| Storfugl                                 | oN64  |
| Storfugl                                 | oN65  |
| Storfugl                                 | oN66  |
| Storfugl                                 | oN67  |
| Storfugl                                 | oN68  |
| Storfugl                                 | oN69  |
| Storfugl                                 | oN70  |
| Storfugl                                 | oN71  |
| Storfugl                                 | oN72  |
| Storfugl                                 | oN73  |
| Storfugl                                 | oN74  |
| Storfugl                                 | oN75  |
| Storfugl                                 | oN76  |
| Storfugl                                 | oN77  |
| Trekkvei hjort                           | oN78  |
| Trekkvei hjort                           | oN79  |
| Trekkvei hjort                           | oN80  |
| Trekkvei hjort                           | oN81  |
| Trekkvei hjort                           | oN82  |
| Trekkvei hjort                           | oN83  |
| Trekkvei hjort                           | oN84  |
| Trekkvei hjort                           | oN85  |
| Trekkvei hjort                           | oN86  |
| Trekkvei hjort                           | oN87  |
| Trekkvei hjort                           | oN88  |
| Trekkvei hjort                           | oN89  |
| Trekkvei hjort                           | oN90  |
| Trekkvei hjort                           | oN91  |
| Trekkvei hjort                           | oN92  |
| Trekkvei hjort                           | oN93  |
| Trekkvei hjort                           | oN94  |
| Trekkvei hjort                           | oN95  |
| Trekkvei hjort                           | oN96  |
| Trekkvei hjort                           | oN97  |
| Trekkvei hjort                           | oN98  |
| Trekkvei hjort                           | oN99  |
| Trekkvei hjort                           | oN100 |
| Trekkvei hjort                           | oN101 |
| Trekkvei hjort                           | oN102 |
| Trekkvei hjort                           | oN103 |
| Trekkvei hjort                           | oN104 |
| Trekkvei hjort                           | oN105 |
| Trekkvei hjort                           | oN106 |
| Trekkvei hjort                           | oN107 |
| Trekkvei hjort                           | oN108 |
| Trekkvei hjort                           | oN109 |
| Trekkvei hjort                           | oN110 |
| Vinterområde andefugler                  | oN111 |
| Yngle- og rasteområde ande-/spurvefugler | oN112 |

|                                  |       |
|----------------------------------|-------|
| Yngle- og rasteområde andefugler | oN113 |
| Yngle-/rasteområde andefugler    | oN114 |
| Yngleområde Div                  | oN115 |
| Yngleområde enkeltbökkasin       | oN116 |
| Yngleområde Fiskemåke            | oN117 |
| Yngleområde måse/terne           | oN118 |
| Yngleområde måse/terne           | oN119 |
| Yngleområde måsefugler           | oN120 |
| Yngleområde måsefugler           | oN121 |
| Yngleområde sjøfugl              | oN122 |
| Yngleområde sjøfugl              | oN123 |
| Yngleområde sjøfugl              | oN124 |
| Yngleområde sjøfugl              | oN125 |
| Yngleområde sjøfugl              | oN126 |
| Yngleområde sjøfugl              | oN127 |
| Yngleområde smålom               | oN128 |
| Yngleområde spettefugler         | oN129 |
| Yngleområde storlom              | oN130 |
| Yngleområde storlom              | oN131 |
| Yngleområde storspove            | oN132 |
| Yngleområde storspove            | oN133 |
| Yngleområde Svartbak             | oN134 |
| Yngleområde terne                | oN135 |
| Yngleområde vipe                 | oN136 |
| Yngleområde vipe                 | oN137 |
| Yngleplass oter                  | oN04  |

#### 5.7.4 Kulturminne

Dette kapitlet gjeld areal som er sett av til sone for bevaring av kulturmiljø etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c.

Kulturminne er mangelfullt kartlagt i kommunen (SEFRAK og Askeladden). Når det gjeld kulturmiljø, er det ikkje gjennomført ei systematisk kartlegging av dette. Det er teke omsyn til kulturmiljø og kjente nyare tids kulturminne ved lokaliseringa av nye arealføremål. Berre på Eikefet er det registrert SEFRAK-bygg (bygg eldre enn ca. 100 år) innafor eit byggeområde. Desse vil verte vurdert nærare i samband med reguleringsplanen for området, som er under utarbeiding.

Det er sett av 4 område med omsynssone H570, bevaring kulturmiljø. Område oK1 og oK4 er ei samling gravhaugar på Fosse, der det er kome innspel om å setje av eit område til kulturområde. Område oK4 er òg ei større samling av gravhaugar på Fosse, som ein ønskjer å sikra betre. Område oK2 er ivaretaking av den gamle dampskipskaian på Fosse. Område oK3 er det byggedyrrereservatet ved Hjelmås.

#### 5.7.5 Sikringssone nedslagsfelt drikkevatt

Dette gjeld areal som er vist med sikringssone for nedslagsfelt drikkevatt etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.

Nedslagsfelt for eksisterande drikkevasskjelder er vist med omsynssone H110 i plankartet. Sjølve vassflata er vist som arealføremål *bruk og vern av sjø og vassdrag med tihøyrande strandsoner – drikkevatt* etter plan- og bygningslova § 11-7 nr. 6.  
*Omsynssone nedslagsfelt drikkevatt H110*

| INFORMASJON    | OMSYNSSONE |
|----------------|------------|
| Festevatnet    | H110_sD01  |
| Haugsvatnet    | H110_sD02  |
| Storavatnet    | H110_sD03  |
| Sjausetevatnet | H110_sD05  |
| Sjausetevatnet | H110_sD06  |
| Storavatnet    | H110_sD07  |
| Storavatnet    | H110_sD08  |
| Storavatnet    | H110_sD09  |
| Storavatnet    | H110_sD10  |
| Storavatnet    | H110_sD11  |
| Storavatnet    | H110_sD12  |
| Storavatnet    | H110_sD13  |
| Storavatnet    | H110_sD14  |
| Storavatnet    | H110_sD15  |
| Storavatnet    | H110_sD16  |

### 5.7.6 Faresone ras- og skredfare

Dette gjeld areal som er vist med faresone ras- og skredfare etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.

Sona H310 område som kan vere utsett for snøskred, steinsprang eller lausmasseskred. Det er skild mellom utløysingsområde (merka 1) og utlaupsområde (merka 2) i plankartet. Faresonene er teke med i plankartet berre der dei råkar eksisterande eller nye byggjeområde. Av omsyn til at det ikkje skal verte for mykje informasjon i plankartet, er det ikkje vist ras- eller skredfarlege område som ligg i reine LNF-område.

Det er lasta ned data for faresone steinsprang og snøskred frå skrednett.no. Snøskred er ikkje teke med for dei ytre delar av kommunen, der tilgjengeleg kunnskap tilseier at snøskred ikkje er sannsynleg oftare enn kvart 1000 år. Grensa er sett ved Bjørsvik og Austfjorden. I tillegg er det gjort ein analyse av areal utsett for jordskred basert på geologisk lausmassekart og hellingsgrad 30° eller større for heile kommunen.

Det er teke inn ei føresegn som sikrar at det ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak vert gjort ei nærare vurdering av risikoen for ras. Om naudsynt skal det nyttast geologisk kompetanse i denne vurderinga, noko som bør vere hovudregelen. Dersom det i denne vurderinga vert avdekka risiko, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak. Det kan vere aktuelt med avbøtande tiltak for å oppnå tilstrekkeleg sikkerheit.

### 5.7.7 Faresone høgspenningsanlegg

Dette gjeld areal som er vist med faresone høgspenningsanlegg etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.

Sona H370 omfattar område som er i faresona for høgspenningsanlegg. Anlegg med lågare spenning enn 132 kV er ikkje vist. Omsynet til øvrige anlegg er likevel ivareteke i føresegner og retningslinjer.

### 5.7.8 Faresone brann- og eksplosjonsfare

Dette gjeld areal som er vist med faresone brann-/eksplosjonsfare etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.



Det er to verksemdar i planområdet som er omfatta av *forskrift om tiltak for å førebygge og begrense konsekvensar av storulykker i verksemdar der farlige kjemikaliar førekjem* (storulykkeforskrifta). Føremålet med storulykkeforskrifta er å førebyggje storulykker og avgrense skadane dersom det skjer ei ulykke. Kommunane er pliktige til å ta omsyn til slike verksemdar i arealplanlegginga, mellom anna for å hindre uheldig samlokalisering. Begge desse verksemdene er vist med faresone H350.

Den eine verksemda ligg på Eidsnes og her er det føreslått tilgrensande ny arealbruk med føremål næring. Samlokalisering av storulykkeverksemdar og annan industri er ikkje nødvendigvis problematisk, jf. ROS-analysen.

Den andre verksemda ligg på Seim, den ligg langt unna anna utbygging, og det er ikkje foreslått ny arealbruk i nærleiken.

### 5.7.9 Støysoner

Dette gjeld areal som er viset med støysoner etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav a.

Støysoner er utarbeidd av Statens vegvesen, og er i samsvar med T-1442, *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging*. Støysonene dekkjer Europa- og fylkesvegnettet i kommunen, og er delt inn i raud sone ( $L_{den} > 65\text{dB}$ ) og gul sone ( $L_{den} > 55\text{dB}$ ). I plankartet er raud sone vist med omsynssone H210, og gul sone er vist med omsynssone H220. Støysonene er basert på berekningar utført i programmet NorStøy, som nyttar berekningsmetoden Nord2000 Road, og med berekningsår 2025.

Støysonene skal leggjast til grunn ved planlegging og byggesakshandsaminga i kommunen, og er eit varsel om kor støy kan innebere konflikt med etablering av støyømfintlege bygg og anlegg. Støysonene er basert på ei grov kartlegging, som gjer at dei ikkje er eigna til bruk på eit detaljert nivå. Det skal difor alltid utarbeidast meir nøyaktige støyberekningar dersom det er aktuelt med etablering av støyømfintlege bygg/anlegg innafor raud eller gul støysoner.

Miljøverndepartementet sine *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442), skal leggjast til grunn ved all plan- og byggesakshandsaming innafor støysonene. Dette er sikra gjennom føresegnene.

### 5.7.10 Bandleggingssone naturvern

Dette kapitlet gjeld areal som er bandlagt etter vedtak etter anna lov, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d.

Bandleggingssone naturvern (bN) er avsett i plankartet. Dette er område som i dag er bandlagt etter lov om naturvern.

### 5.7.11 Bandleggingssone kulturminne

Dette kapitlet gjeld areal som er bandlagt etter vedtak etter anna lov, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d.

Registrerte, automatisk freda kulturminne større enn 300 m<sup>2</sup> er avmerka i plankartet med omsynssone H\_730, inkludert ei sikringssone på 5 m. Registrerte, automatisk freda kulturminne under 300 m<sup>2</sup> er merka med rune-R. Områda er bandlagt etter lov om kulturminne. Meir informasjon finn ein i kulturminnedatabasen Askeladden.

### 5.7.12 Bandleggingszone andre omsyn

Dette kapitlet gjeld areal som er bandlagt etter vedtak etter anna lov, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav d.

Dette gjeld Eikefetelvi, som er verna gjennom verneplan II for vassdrag, vedteken av Stortinget 30. oktober 1980. Området er vist med bandleggingszone. Sjå forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

### 5.7.13 Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan

Dette kapitlet gjeld område der eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde, jf. plan- og bygningslova § 11-8 bokstav f.

Detaljeringssone H910 viser område der eksisterande reguleringsplanar framleis skal gjelde. Det er i utgangspunktet ikkje vurdert å la den nye planen gjelde framfor eksisterande reguleringsplanar, då dette ikkje var førespegla i planprogrammet. Gjennomgang av eldre planar vil eventuelt verte tema ved neste rullering. På Eidsnes er likevel ein eldre plan tenkt erstatta, og området har difor *ikkje* fått omsynssone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan. Dette gjeld reguleringsplan for Eidsnes industri- og næringsområde, plan-id 1263-26101989. I nokre få andre område er nye arealføremål lagt oppå eldre reguleringsplanar, og i desse avgrensa områda vil arealdelen av kommuneplanen gjelde framfor reguleringsplanen. Dette er synleggjort ved at omsynssone H910 er utelate over dei nye arealføremåla.

I plankartet er planane namngjevne med omsynssonenamn og plan-id (minus kommunenummer), som til dømes H910\_1101985, som er "Apalbakken" øvst i tabellen under.

#### Detaljeringssone H910

| PLAN-ID       | PLANNAMN  |
|---------------|---|
| 1263-01101985 | Apalbakken. Del av gnr. 108 bnr. 2  |
| 1263-13061996 | Apalbakken. Gnr. 108 bnr. 17. Utvida planområde                             |
| 1263-22062000 | Bergfjord campingplass. Del av gnr. 59 bnr. 2                               |
| 1263-200907   | Bergfjord utbyggingssplan   |
| 1263-200704   | Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS                         |
| 1263-07021985 | Buskneset hytteområde   |
| 1263-23091999 | Dyrhovden. Del av gnr. 233 bnr. 119 og 104                                  |
| 1263-11062003 | E-39 Gammelsæter-Nipetjønn (del av)   |
| 1263-200001   | Eidsnes Indre utbyggingssplan gnr 244 bnr 6                                 |
| 1263-08052003 | Eikefet - Urdal. Del av gnr. 221 og 220 (industriområde)                    |
| 1263-01071981 | Eiterdalen. Del av gnr. 248 bnr. 1  |
| 1263-02051996 | Eknes industri og kaiområde   |
| 1263-15041999 | Eknes ytre. Gnr. 239 del av bnr. 2 m.fl.                                    |
| 1263-15021979 | Eknes. Del av gnr. 239 (bnr. 11 og 1)                                       |
| 1263-197601   | Fanebust Terrasse Krossleitet   |
| 1263-14122000 | Fanebust trialbane. Del av gnr. 106 bnr. 105 m.fl.                          |
| 1263-200102   | Fv. 395 Bjørndal - Hindenes, Parsell Vatshelle                              |
| 1263-21061990 | Fyllingsnes. Del av gnr. 214  |
| 1263-13081987 | Grønnfjellet. Del av gnr. 108 bnr. 22 og 64                                 |
| 1263-15101979 | Hellebrekka bustadfelt  |
| 1263-19022007 | Hellesneset G.nr.202 B.nr.26  |
| 1263-13081997 | Hodne - Myking aust   |
| 1263-13061991 | Hosøy. gnr. 11 bnr.21 og 80   |
| 1263-10052007 | Indre Fosse G.nr.145 B.nr.81 og 90  |
| 1263-199701   | Kjevikdalen Fyllplass (inkl. Kjevikdalen Avfallsanlegg, planid 1263-200106) |

Arealdelen av kommuneplanen for Lindås kommune

|               |   |
|---------------|---|
| 1263-200801   | Kløve bustadfelt – utviding (Sveene)            |
| 1263-21031975 | Kløve bustadfelt, del av gbr 24/1               |
| 1263-01072007 | Kløve Nord                                      |
| 1263-08061972 | Kolås I. Del av gnr. 107 og 108                 |
| 1263-22071974 | Kolås II. Del av gnr. 107 og 108                |
| 1263-08101976 | Kolås III. Del av gnr. 107 bnr. 108             |
| 1263-25082004 | Kvamsvågen G.nr.141 B.nr.7                      |
| 1263-01031985 | Langenes. Del av gnr. 60 bnr. 2 og 3            |
| 1263-200501   | Lars Hopland del av gnr 172 bnr 6               |
| 1263-20052002 | Leiknes vest - bustadfelt                       |
| 1263-25101973 | Leiknes. Del av gnr. 195 bnr.4                  |
| 1263-201008   | Leknes skule med omkringliggjande areal         |
| 1263-22032001 | Lindås prestegard. Del av gnr. 108 bnr. 1       |
| 1263-15122005 | Midtgård/Leknes Gnr.196 Bnr.4                   |
| 1263-200204   | Mundal nedre. Del av gnr. 194 bnr. 5            |
| 1263-200702   | Myrstad   |
| 1263-19012007 | Nappane G.nr.129 B.nr.5                         |
| 1263-200605   | Nordre Feste                                    |
| 1263-07011985 | Område B4. Del av gnr.233 bnr. 6 og7            |
| 1263-200101   | Ostereidet senter-Kisthaugane,utviding          |
| 1263-11051989 | Ostereidet senteromr. Del av gnr. 233 og 234    |
| 1263-199001   | Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, endra      |
| 1263-15111979 | Risåsen   |
| 1263-199601   | Rv 1 Vikane - Eikanger                          |
| 1263-200401   | Rv 57 Espeland-Herland                          |
| 1263-200601   | Rv 57 Konglevoll                                |
| 1263-24061993 | Rv. Romarheim - Mo (Nøttveit)                   |
| 1263-200201   | Sauvågen naustmiljø Gnr. 203 bnr. 1 og 2        |
| 1263-200812   | Seim barnehage gnr. 172 bnr. 4                  |
| 1263-200104   | Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi            |
| 1263-200705   | Sigvard Hopland Gnr.172 bnr.4                   |
| 1263-30112006 | Skarsvågen G.nr.147 B.nr.26 m.fl.               |
| 1263-200103   | Solbakken. Del av gnr.173 bnr.3                 |
| 1263-17022006 | Stemmemyra gnr.214,del av bnr.1-8 og 17         |
| 1263-13022002 | Storneset Aust/Leknes - del av gnr. 195         |
| 1263-20101976 | Storneset, strandplan (del av)                  |
| 1263-20061969 | Toftingneset disp.plan del av gnr 62 bnr 3      |
| 1263-26102006 | Vabø bustadfelt, gnr.102 bnr.8,50 og 66         |
| 1263-07011971 | Vabø Disp.plan Del av G.nr.102 B.nr.6           |
| 1263-24062004 | Vahaugen (gnr. 212 bnr. 7 og 102 Eikanger øvre) |
| 1263-16101978 | Vike. Del av gnr. 219 bnr. 1                    |
| 1263-197901   | Øyne  |

## 5.8 Særskilde tema

### 5.8.1 Planbehov – områdeplan

Gjennom planprosessen vart det avdekket behov for områderegulering av Ostereidet og Lindås, då dette er stader med særlege utfordringar knytt til senterutvikling, bustadstruktur og grønstruktur. Dette er sett som rekkefølgjekrav i føresegnene for nye byggjeområde. Ein områdeplan er ein meir overordna, kommunal reguleringsplan som skal sikre at hovudstrukturar vert planlagd og at ulike byggjeområde vert sett i ein samanheng, før ein kan gå i gang med privat detaljregulering.

### 5.8.2 Kartlegging av den funksjonelle strandsona

Fastsetjing av funksjonell strandsona som grunnlag for lokal tilpassa bruk og forvaltning er ein hovudstrategi for den regionale strandsonopolitikken som er nedfelt i Fylkesplan for Hordaland. Dette er òg i samsvar med dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona. Den funksjonelle strandsona har status som ei retningsline i LNF-områda og er fastsett med bakgrunn i ei vurdering av kva areal som i realiteten har funksjon som strandsona. Den kan liggja nærare eller lenger frå sjøen enn byggjeforbodssona på hundre meter som går fram av plan- og bygningslova § 1-8. Funksjonell strandsona er vist i temakartet til planen.

I Fylkesplan for Hordaland 2005–2008 er funksjonell strandsona definert slik:

*”Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.”*

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen 2011- 2023 har kommunen prioritert å fastsetje funksjonell strandsona i områda langs Osterfjorden frå Mundal til Molvik samt på Hodneland. Av omsyn til kapasiteten er ikkje funksjonell strandsona fastsett i resten av kommunen. Dette vil truleg verte gjort ved neste rullering av kommuneplanen.

Kartlegging av funksjonell strandsona inneber ein detaljert analyse av landskap og landskapselement, og krev mellom anna synfaring og studiar av ortofoto og skråfoto i tillegg til vanlege kart som visar høgdekotar og bygningar. Eksisterande planar er òg til hjelp i vurderinga, og ikkje minst konsekvensutgreiinga som er utarbeidd i samband med denne rulleringa av arealdelen av kommuneplanen. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiere strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium, og slik definera område innafor strandsona som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for allmenta står sentralt. Basert på kartlegging av den funksjonelle strandsona kan det setjast ei juridisk bindande byggegrense mot sjø i byggeområda og retningsliner for forvaltning av LNF-områda.

Ved fastsetjing av funksjonell strandsona er det teke utgangspunkt i landskapsrom tilknytt sjø, vurdert utifrå følgjande kriterium:

- Tilgjenge til strandsona frå sjø og frå land
- Landskap; visuell eksponering frå sjø (uavhengig av vegetering)
- Registrert naturmangfald og strandsona som står i direkte økologisk samspel med sjøen (særleg fugleliv)
- Bruk til friluftsliv
- Sjørelaterte kulturminne som kan syne sambandet mellom sjøen og landbasert aktivitet opp gjennom historia.
- Urørt strandsona / inngrep

Fastsetjing av funksjonell strandsona langs er basert på synfaring av den aktuelle strekninga både frå land og sjø samt orto- og skråfoto. I LNF-områda er funksjonell strandsona vist som retningsgjevande, det vil seie ei line som ikkje er juridisk bindande. Lina vil vere nyttig i

handsaminga av enkeltsaker, til dømes dispensasjonar. For ein del holmar er heile arealet omfatta av funksjonell strandsoner. Her er lina naturleg nok ikkje vist, men av retningslinene går det fram at dei ligg i funksjonell strandsoner. Den funksjonelle strandsona går fram av temakart for landskapstypar og omsynssone naturmiljø.

Lindås kommune har i kartleggingsarbeidet gjort bruk av den kompetansen som vart opparbeida gjennom landskapsanalysen knytt til kommunedelplan for Lindåsosane (Landskap i Plan).

Tenkinga som ligg bak vurdering av tilgjenge er basert på NIJOS si inndeling i ulike strandtypar (jfr. NIJOS rapport 2/2001):

- Klippekystr: Er bratt og utilgjengeleg. Normal ferdsel mellom land og sjø er vanskeleg.
- Brattkystr: har ei ca.2-3 meter steil bergflate ned i sjøen. Ferdsel mellom sjø og land er mogeleg frå båt. Opphald og tilgjenge langs strandsona i brattkystr er begrensa. Dette er den vanlegaste strandtypen i Lindås.
- Svabergkystr: Denne typen kystr er mest populær i friluftssamanheng. Langs store delar av Osterfjorden finn vi denne landskapstypen (jf. fig. 6).
- Sandstrand: Sjeldan type i området. Men enkelte førekomstar finst enten som tilrettelagde eller små skjulte perler.
- Mudderstrand: Grunne kiler med roleg vatn og våtmarksvegetasjon. Det er lite ferdsel mellom land og sjø i slike område, men tilgjenge er mogeleg.

Dei ulike strandtypene kan såleis delast inn i tre ulike kategoriar etter tilgjenge:

- Utilgjengeleg: Klippekystr
- Mindre tilgjengeleg: Brattkystr
- Tilgjengeleg: Svaberg, sandstrand og mudderstrand

Fastsetjing av funksjonell strandsoner langs vassdrag er ikkje prioritert no. Det er ingen byggeområde ned til vassdrag i planområdet. Føresegnene fastset at det nærare vassdrag enn 50 meter frå strandlina ikkje kan setjast i verk andre tiltak enn fasadeendringar.

Ein gjennomgang av områda der funksjonell strandsoner er fastsett, er gjeve i rapporten *"Kartlegging av funksjonell strandsoner og dokumentasjon av byggjegranser mot sjø"*, som er vedlegg til planen.

### 5.8.3 Fastsetjing av byggjegranser mot sjø

Ved utarbeiding av ny arealdel av kommuneplanen, er det samstundes ein overgang frå plan- og bygningslova av 1985 til ny lov av 2008. Med den nye lova er forbodet mot bygging i strandsona utvida til også å gjelde i byggeområde. Byggjeforbodet i hundremetersbeltet langs sjøen etter pbl § 1-8 gjeld så langt ikkje anna byggjegranser er fastsett i arealdelen av kommuneplanen eller i reguleringsplan. Der kommunen ikkje fastset ei eiga grense, vil grensa såleis vere 100 m, både i LNF-område og i byggeområde.

Som ein konsekvens av dette, er kommunen nøydd til å fastsetje ei byggjegranser i alle byggeområde som ligg nærare sjøen enn hundre meter for at det generelle byggjeforbodet i pbl § 1-8 skal falle bort. Dette gjeld både nye og eldre byggeområde. Dei fleste av dei eldre byggeområda er allereie heilt eller delvis utbygd, og denne endringa i lovverket har difor vore ei stor utfordring for kommunen. Det har vore kommunen sitt mål å finna ein god balanse mellom nasjonale retningsliner og lokale behov. Byggjegransa mot sjø er vist som ei juridisk bindande line i plankartet.

Alle eksisterande byggeområde (utan reguleringsplan) er gått gjennom, og ny byggjegranser er sett på bakgrunn av ei konkret vurdering av kvart enkelt område. Byggjegransa er lagt etter terrenget, og i mange tilfelle i vegglivet på eksisterande bygningar, slik at desse skal kunna utbetrast og mindre tiltak på eigedomane vil vere tillate bak eksisterande bygg. Utbygging i

bakkant av eksisterande bygg er i samsvar med dei statlege strandsoneretningslinene. Som utgangspunkt har ein brukt dei same kriteria som for fastsetjing av funksjonell strandsone. Byggjegransa er likevel tilpassa eksisterande plansituasjon og utbygging. Det er med bakgrunn i at grunneigarar i slike område, med god rett, har ei forventning om at områda kan utviklast vidare i samsvar med tidlegare planvedtak.

I Kommunedelplan for Alverstraumen ligg funksjonell strandsone i uregulerte byggeområde på 30 m. Det har i styringsgruppa vore politisk tilslutning til å bruke denne grensa som utgangspunkt. Ved vurdering av byggeområda innanfor 100 m, er det teke større omsyn til eksisterande bustader enn til eksisterande fritidsbustader. Dette er i samsvar med dei statlege strandsoneretningslinene. Nærmare enn 30 m frå kystkontur har ein sett byggjegransa langs terrassar og takkant. Dersom bustadeigedomar ligg inntil friluftsføremål og badeområde har byggjegransa vorte sett i ein avstand som tek omsyn til allment tilgjenge.

Når det gjeld eksisterande næringseigedomar i strandsona, er byggjegransa stort sett lagt i sjøkant, så fram det ikkje kjem i konflikt med allmenne interesser av høg verdi. I område som er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, er det ofte òg aktuelt med byggjetiltak (særleg område sett av til småbåthamn). Det same gjeld anna byggeområde naust og område sett av til spreidd naustbygging (såkalla "bestemmelses-område"). Desse områda ligg gjerne heilt ned til sjøen, og her er byggjegransa for småbåthamner sett rundt føremålsgrensa.

For byggjegransa i naustområde, har ein brukt følgjande prinsipp: For eksisterande naust med plass til fortetting, er byggjegransa lagt i framkant av naustrekka. Her har ein lagt vekt på ei plassering som gjev minst mogleg sprenging og inngrep. I naustområde der det ikkje er eksisterande naust eller få naust, er det sett generell byggjegransa ca. 2 m frå sjøkant for å markere at det skal vere ei allmenn tilgjengeleg sone framom nausta. I anna byggeområde naust ("bestemmelsesområde"), vil den stipla lina som syner området òg vere byggjegransa.

Det vil i dei fleste av naustområda og områda for småbåthamner vere krav om reguleringsplan (unntak for spreidd naustbygging og enkelte mindre småbåthamner). Denne vil detaljere plassering av byggjetiltaka med ny byggjegransa. Det går fram av føresegnene at: *"Utbygging av naustområde skal ta omsyn til friluftsiinteressene og landskapet. Badeplassar og stiar/tilkomstvegar til sjøen skal ikkje byggjast ned. Det skal setjast av areal som sikrar passasje for allmenta i naustområda."*

Det ligg fleire eldre reguleringsplanar innafor hundremetersbeltet i planområdet. I utgangspunktet vil nye planar gjelde framfor eldre planar i same område. Om kommunen ikkje bestemmer noko anna, vil såleis arealdelen av kommuneplanen gjelde framfor eldre reguleringsplanar. Dette vil i tilfelle medføre at byggjeforbodet i strandsona etter pbl § 1-8, 3. ledd vil ta til å gjelde for desse områda..

Det har i dette planarbeidet ikkje vore ønskjeleg å oppheve eller gjere endringar i allereie regulerte område, då dette ikkje var signalisert i planprogrammet. For at det framleis skal vere tillate å byggja ut innafor område med vedtekne planar, har kommunen difor slått fast at alle eksisterande reguleringsplanar i planområdet framleis skal gjelda. Juridisk er dette sikra med omsynssone f i pbl § 11-8 og tilhøyrande føresegner. Med bakgrunn i overgangsføresegnene i pbl § 34-2 fjerde ledd, har Miljøverndepartementet lagt til grunn at byggjeforbodet i strandsona ikkje gjeld der heile eller delar av forbodssona er lagt ut til byggeområde i plan som er vedteken etter pbl 1985. Konsekvensen av dette er at det ikkje vert fastsett ny byggjegransa mot sjøen i allereie regulerte område, og at det kan byggjast ut i desse områda i samsvar med tidlegare vedtekne planar, også der desse areal ligg innafor hundremetersbeltet. Det vert med andre ord ingen endringar i område med reguleringsplan.

Oppsummert vil byggjeforbodet i strandsona etter pbl § 1-8 såleis berre gjelda i LNF-områda i arealdelen av kommuneplanen. I uregulerte byggeområde i arealdelen av kommuneplanen, gjeld byggjegransene som går fram av plankartetet i staden for det generelle byggjeforbodet.

Innafor tidlegare regulerte område, vil den aktuelle reguleringsplanen bestemme kor nær sjøen det kan byggjast.

Ein gjennomgang av alle byggjegransene er gjeve i rapporten *"Kartlegging av funksjonell strandsone og dokumentasjon av byggjegranser mot sjø"*, som er vedlegg til planen.

#### 5.8.4 Landskap

Dette kapitlet gjeld landskapstypene som er vist i temakartet.

Landskap har vore eitt av vurderingstemaene i konsekvensutgreiinga av kvart enkelt innspel, med vekt på konsekvensar i høve terrenginngrep. Landskapstypar er synleggjort i temakartet, saman med omsynssone naturmiljø.

Hordaland fylke er eitt av dei fyrste fylka i Noreg som har kartlagt heile fylket i landskapstypar. Grunnlagsmaterialet for denne inndelinga er henta frå NIJOS (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging) sin rapport 10/2004 "Landskapstyper ved kyst og fjorder i Hordaland" og Aurland Naturverkstad si klassifisering av innland (rapport 02/2009). Landskapstypene som er klassifiserte for planområdet er lagt ved som temakart til planen.

Planområdet inneheld følgjande landskapsregionar:

- Region 20: Kystbygdene på Vestlandet
- Region 21: Ytre fjordbygder på Vestlandet
- Region 22: Midtre fjordbygder på Vestlandet

Det meste av region 20 er allereie dekt av kommunedelplan for Lindåsosane og Mongstad. For resten av kommunen er det region 21 og 22 som i store trekk er gjeldande. Det er eit stort spekter av landskapstypar i Lindås kommune.

Klassifisering av landskapstypar i vårt planområde er som følgjer:

- LT 20-T05 Våg- og smalsundlandskap: Lurøy-Festo
- LT 20-T06 Småfjord- og storsundlandskap: Myksvoll – Langeneset - Lyrøyna.
- LT 21-T01 Brede fjordløp og fjordmøter: Austfjorden
- LT 21-T02 Middels brede fjordløp: Radsundet, Seimsfjorden, Hindenesfjorden, Osterfjorden.
- LT 21-T03 Småfjord- og storsundlandskap: Hindenes - Hauge
- LT 21-T04 Småvåg- og smalsundlandskap: Rydlandsvågen
- LT 21-T05 Indre øy, holme og skjærgårdlandskap.
- LT 21-T06 Vågsvatn: Æsevatnet, Hundvin – Storavatnet – Tveitavatnet.
- LT 21-T08 Åslandskap: Større samanhengande område mellom Skausnøyi og Eikanger i tillegg til område kring Husdalsfjellet.
- LT 21-T09 og LT22-T11: Sprekkedaler: Hopsdal, Romarheimsdalen, Seim- Herland-Isdal.
- LT 21-T12 Kystfjell: Fjellsbøheii- Seilfjellet, Krossane – Gladihaug.
- LT 22-T05 Elvegjel: langs Eikefetelvi.
- LT 22-T08 Vestlandets skogsåser: Gråsida.
- LT 22-T10 Lågfjellsdaler: Stusdalen og Dyrkolbotn.
- LT 22-T12 Storkuperte fjellheier: Austlendingen-Sæterfjellet-Tverrvassfjellet-Blåfjellet.

For nærare skildring av landskapstypene vert det vist til NIJOS-rapport 10/04 og Aurland Naturverkstad sin rapport 02/09. Denne kartlegginga og områdeinndelinga dannar eit godt utgangspunkt for vidare analysearbeid i høve landskap. Ei slik oversikt vil også kunne gjere oss i stand til å fokusere på kvardagslandskapet i arealforvaltninga i Lindås kommune.

## VEDLEGG

Plankart i målestokk 1:50 000

Føresegner og retningslinjer

Temakart landskapstypar og naturmiljø

Risiko- og sårbaranalyse

Konsekvensutgreiing og arealvurderingar til 1. gongs offentleg ettersyn

Konsekvensutgreiing og arealvurderingar til 2. gongs offentleg ettersyn

Kartlegging av funksjonell strandsone og dokumentasjon av byggjegranser mot sjø

Siling av innspel – område som ikkje er tekne med i planen

Vurdering av merknader etter offentleg ettersyn